

14/2011

NOTAT

Ivar Teigum

EMBETSFOLK OG ALLMUGE I VÅGÅ 1680-1720



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

Forfattar	Ivar Teigum
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

Notatet er ein del av prosjektet «Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder», eit strategisk høgskuleprosjekt frå Høgskulen i Volda, Historisk institutt og Institutt for religion, livssyn og kristendom.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manusset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innleiing	4
<i>Vågå prestegjeld, skatt fordelt på skatteytarar i 1718-19 (% i parentes)</i>	5
<i>Supplikkar i statthaldararkivet som gjeld Vågå 1680-1730</i>	7
Embetsmenn i Vågå 1680-1720	7
<i>Eit drikkegilde på Søre Sunde i Vågå i 1682</i>	8
<i>Personar av rang i den andre delen av 1600-talet: Prestane</i>	11
<i>Offiserar i Det nord-gudbrandsdalske kompani av Det oplandske infanteriregiment</i>	12
<i>Innvandring og embete</i>	12
<i>Sorenskrivaren Henrik Jacobsen Schmidt</i>	13
<i>Sundeskrivaren i folketradisjonen</i>	14
<i>Embetsmann og patron</i>	16
Den jernskodde hæl og den milde hand	19
<i>Allmugen si rolle i saka mellom kaptein Casper von Brúnech og magister Bent Friis</i>	20
<i>Utanfor sirkelen kring Gyldenløves bord</i>	23
<i>Formalisme mot patronat: Prest, sorenskrivar og allmugemenn</i>	24
<i>Ole Veggum og den forhatte skyssplikta</i>	27
<i>Sorenskrivarane stiller opp for allmugen i Gudbrandsdalen</i>	28
Bønder og bygdefellesskap	30
<i>Bondekapteinen og løytnanten, den framtidige lensmannen på Tolstad</i>	30
<i>Pål Tolstad og refjellsaka, eit døme på ekspansjon i utmarka</i>	32
<i>Bondelensmann og lagrette</i>	35
<i>Allmugerettar, fiskevatnet Flatningen</i>	36
Kvinnene, ein ressurs av mindre verd	38
<i>Kvinnens omdøme, skam og ære</i>	39
<i>Matriarkatet på Håkenstad</i>	41
Konklusjon	43
Epilog: Håkenstadstolen i Vågåkyrkja	46
Kjelder	47
Litteratur	48
Internettadresser	50

Innleiing

Undersøkinga som blir framlagd her om forholdet mellom embetsfolk og allmuge i Vågå i tida kring 1700, er gjennomført under eit delemne av prosjektet ”Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder 1660-1870” ved Høgskulen i Volda. Delprosjekt 2 har som tittel: “Embetsmennene sine sosiale og økonomiske relasjonar i høve til bondesamfunnet. Mikrohistorisk tilnærming”.¹ Det valde geografiske området for undersøkinga er hovudsoknet i det gamle Vågå prestegjeld i Nord-Gudbrandsdalen som tilsvarar vår tids Vågå kommune. Tidsrommet for undersøkinga er avgrensa til perioden 1680-1730.

Presten, sorenskrivaren og offiseren flytte til embeta sine som representantar for dei sentrale styresmaktene. På vegner av riksstyret skulle dei sørge for oppfølging av lov og forordningar, for skattebetaling og utskrivning, og for disiplinering av allmugen. Spreidd omkring i Norge og Danmark hadde dei sine profesjonelle og personlege nettverk. I dei to første bolkane av denne undersøkinga skal vi møte fleire av embetsmennene som budde og verka i Vågå, først gjennom ein presentasjon, og dernest gjennom døme på kva verkemiddel den einskilde rådde over for å hevde autoritet på styresmaktenes vegner, og ut ifrå eigne personlege interesser. I ein einsam posisjon omgjeven av ein sjølvrådig allmuge kunne strategiane variere. Eit forretningstalant kunne skaffe seg eit nett av klientar og debitorar. På det viset kunne han også fungere godt sosialt. Ein med hang til det formelle kunne pukke på retten sin på kostnad av omdømet sitt blant allmugen. Det viktigaste var å gjera bygdefolket til disiplinerte undersåttar og lydige skattebetalarar. Ein tredje strategi var fysisk valdsbruk og trugsmål om utkalling av soldatar for å hindre unndraging og protestaksjonar.

Bygdetinget var den sentrale arenaen der krav frå styresmaktene vart framsette og ytingar frå allmugen vart godtekne meir eller mindre frivillig. Strategiane valde av sorenskrivaren, presten og offiseren under embetsutøvinga deira hadde verknad for omdømet deira i lokalsamfunnet. Omdømet var knytt til omgrepet ære. I sjølvoppfatninga på det området kunne bønder og embetsmenn møtast eller ryke i konflikt. Eit sentralt spørsmål er i kor stor grad bøndenes møte med embetsmakta handla på den eine sida om underordning, og på den andre om ei sjølvstendig og bevisst oppfatning av eige verd. Om den einskilde embetsutøvaren må ein spørja i kor stor grad han synte arroganse utover den sosiale statusen som posisjonen hans i eit lagdelt samfunn gav han.

Bønder og bygselmenn møtte det framveksande embetshierarkiet med sitt gamle bygdefellesskap. Slektsnettverka deira var lokale og regionale og fungerte i særleg grad i spørsmål som galdt fordeling og bruk av jord og utmark, emne som kom til å stå meir og meir sentralt utover frå den siste delen av 1600-talet. Spørsmål om odel og allmeningsrettar stod sentralt innanfor bygdesamfunnet, og i slike spørsmål trong ikkje bøndene spørja seg for om innhaldet i dei gamle lovene. På bygdetinget valde dei framleis sine eigne medlemmer til lagretta, og bondelensmannen var framleis vald blant representantane for dei gamle slektene. Kva rolle einskildrepresentantar for allmugen spelte for tildeling av setrer, fiskerettar og

¹ “Kulturperspektiv”, <http://www.hivolda.no/shp-kultur>: 16.03.2011.

beiterettar og kva innverknad lokale embetsmenn hadde, er spørsmål som står sentralt i Vågå i tiåra kring 1700.

Ei mikrohistorisk tilnærming kan gå ut på å nærme seg nokre einskilte personar. I vårt tilfelle gjeld det sorenskrivaren, presten, offiseren, bondelensmannen, og utvalde representantar for bønder og bygselmenn. Alle er dei representantar for si gruppe og sin funksjon i samfunnet. Men berre delvis tilfredsstillande ville det vera om vi ikkje også får fram trekk av det personlege livet dei levde i ein lokal og historisk kontekst. Kvinnene er ikkje mange i kjeldematerialet frå sist på 1600-talet. Allment var dei utsette for ei nedvurdering i forhold til mennene, og vart straffa hardare i spørsmål som galdt moral. På eit felt i Nord-Gudbrandsdalen ser det likevel ut til at det er kvinnene som har teke imot dei rikaste impulsane som embetsmennene med si kontaktflate på kontinentet kunne føre med seg. Det galdt vevkunsten, som ikkje minst i Vågå fekk si eiga sjølvstendige utvikling. Men handverkarane kjenner vi berre gjennom overleverte produkt og signaturar.

Av prestegjelda i Nord-Gudbrandsdalen var Vågå det mest velståande om vi samanliknar med Lesja og Lom. Ei krigsskatteliste frå futen i Gudbrandsdalen i 1718-19 viser at i Vågå med anneksa Sel og Heidal hadde det ilikna beløpet ein gjennomsnitt på 3,3 riksdalar medan det tilsvarande talet for Lom med annekset Skjåk var 3,1 riksdalar, og for Lesja med anneksa Dovre og Øvre Folldal 2,0 riksdalar.² I heile Gudbrandsdalen var det berre Fåberg med eit gjennomsnitt på 4,1 riksdalar som låg høgare. I Vågå hovudsokn representerte 33 % av skatteytarane ei skattebør som låg over gjennomsnittet på 3,3 riksdalar, og det utgjorde 72 % av skattebøra innanfor soknet. Enkelte betalte heilt opp til 12 og 16 riksdalar. Hovudsoknet hadde heile 60 % av alle skatteytarane i prestegjeldet i 1719. Lengst unna kyrkja og dei store gardane midt i bygda var det på den andre sida ei langt større mengd små oppsitjarar som lite og ingenting hadde å betale med.

Vågå prestegjeld, skatt fordelt på skatteytarar i 1718-19 (% i parentes)

Skatteytarar \ sokn	Vågå hovudsokn	Heidal annekst	Sel annekst	Totalt
Tal på skatteytarar	115 (60)	28 (15)	48 (25)	191 (100)
Skatteytarar over 3,3 rd	38 (70)	9 (17)	7 (13)	54 (100)
Krigsskatten 1719	375 (62)	114 (19)	115 (19)	604 (100)
Del av skatt over gj.snitt	275 (72)	60 (16)	44 (12)	379 (100)

Kjelde: RA. Akershus stiftamt, futen i Gudbrandsdalen 1718-19, krigsskatteliste.

Hovudsoknet i Vågå var samstundes sentrum i Nord-Gudbrandsdalen som embetsdistrikt. Det galdt sorenskrivaren, og det galdt sjefen for Det nord-gudbrandsdalske kompani av Det oplandske infanteriregiment. Medan offiserane var på flyttfot jamleg i perioden vår, sat sorenskrivaren Henrik Jacobsen Schmidt i stillinga si i åra 1688-1719. Lokalt vart han ein

² RA. Akershus stiftamt, futen i Gudbrandsdalen 1718-19, krigsskatteliste. Tal for Fron prestegjeld manglar i lista.

legendarisk person med eit ettermæle i bøkene til folkeminnegranskaren og forfattaren Ivar Kleiven tidleg på 1900-talet, ei framstilling med få referansar som det derfor er viktig å etterprøve. Henrik Jacobsen Schmidt representerte ein av fleire embetsfamiliar som gjorde seg sterkt gjeldande i Gudbrandsdalen frå midt på 1600-talet til slutten av perioden vår. Andre var familiane Munch og Stockfleth.

Embetsstanden rådde over det skrivne ordet i stor grad. Dei offentlege dokumenta vi er avhengige av å nytte, blir eit filter ein må trengje igjennom for å koma representantane for allmugen inn på livet, ikkje minst livet til kvinnene. Kjeldene vi nyttar, er i hovudsak tingboka og eit utvalt supplikkmateriale. Med unntak for åra 1687-93 og 1705-1709 er tingbøkene intakte for perioden vi behandlar. På 1950-talet vart det arbeidd med eit bokverk om Gudbrandsdalens kulturhistorie. Eit bind som skulle omfatte perioden 1550-1700 vart ikkje skriva, men Leiv Midthaug ved Statsarkivet i Hamar registrerte kjelder i statthaldararkivet som galdt Gudbrandsdalen. For det gamle Vågå prestegjeld, som i dag omfattar kommunane Vågå og Sel, dreiar det seg om 80-90 supplikkar for sekstiårsbolken 1670-1730.³ Generelt gjekk instruksjonen til statthaldaren ut på at han sjølv skulle ta avgjerder slik at kvar mann kunne nytte lov og rett. Elles hadde han plikt til å uttala seg på eit solid grunnlag dersom supplikanten ville ha påteikninga hans, eller om kongen sende over innkomne supplikkar til hans bord.

Steinar Supphellen behandlar supplikkinstitusjonen i ein artikkel i *Historisk tidsskrift* frå 1978. Han definerer supplikken som eit instrument for undersåttar som meinte dei hadde noko å be om overfor kongen og hans apparat, forhold som styringsapparatet elles ikkje meir automatisk ville ta seg av.⁴ Ein hovudkonklusjon i artikkelen er at både for stiftamtmanden, statthaldaren og sentraladministrasjonen var supplikkane kanskje den viktigaste kjelda til informasjon om korleis styringsapparatet fungerte.⁵ Det konkrete materialet som Supphellen arbeidde med, var avgrensa til Trøndelag i tiåra 1720-40, men omfatta på den andre sida alle dei tre mottaksorganane. Ei oppteljing viser at av dei var stiftamtmanden og sentraladministrasjonen i København dei langt viktigaste.

Kjeldematerialet vårt som einast omfattar supplikkar statthaldaren tok imot til avgjerd, kan med andre ord ikkje reknast for fullt ut representativt. Til det trengst eit meir omfattande arkivarbeid enn eg har hatt høve til. Utvalet av supplikksaker som vi tek opp i undersøkinga om Vågå, er med den reservasjonen likevel meint å spegle ymse periodetypiske arenaer der forhold mellom lokale embetsmenn og medlemmer av allmugen kjem fram. Materialet har det markerte tyngdepunktet på 1680- og 1690-talet. For oversynet si skuld kan ein gjera ei inndeling i fem hovudområde: Eigarforhold, offentlege saker, tenesteforhold, naturressursar og æressaker. 20 supplikkar gjeld eigeomsforhold knytte til gardar og plassar der forholdet mellom bøndene og embetsmennene var sterkast framme, men der fire klager også kom frå bygsalarar og plassmenn. Offentlege saker let vi omfatte skattar, avgifter og bøter, naturskadar, pliktytingar, og andre rettslege pålegg som allmugen reagerte på. Tingsamlingar der bøndene

³ OAM, Gudbrandsdalens kulturhistorie.

⁴ Supphellen 1978, s. 151.

⁵ *Ibid.*, s. 184.

møtte styresmaktene sine representantar, utgjer 18 klagesaker og er den største gruppa. Så mange som 17 klagemål kom frå disposisjonar kring hovudområdet naturressursar i denne perioden. Spørsmål særleg kring setring, bygsling av fiskevatn og utnyttinga av eit kjent kvernsteinberg i bygdelaget Lalm drog med seg konflikhtar. Hovudområdet tenesteforhold gjeld først og fremst saker mellom embetsmennene. Særleg mellom embetsmennene finn vi også ærekrenkingane som eit siste hovudområde med så mange som ti supplikkar om så talet på saker var noko lågare.

Supplikkar i statthaldararkivet som gjeld Vågå 1680-1730

Sak \ klagar	Embetsmann mot embetsmann	Bonde mot embetsmann	Bygslar mot embetsmann	Allmuge mot embetsmann	Bonde mot bonde	Bygslar mot bonde	Totalt
Eigedom	3	7	4	-	5	1	20
Off. sak	4	18	1	4	-	-	27
Ressursar	1	6	-	2	8	-	17
Tenesteforhold	6	-	2	-	-	-	8
Æressaker	10	1	-	-	-	-	11
Totalt	24	32	7	6	13	1	83

Kjelde: RA. Statthaldararkivet, supplikkprotokollar og pakker.

Ser vi på supplikkaterialet frå Vågå med to skilde kulturar eller eit sosialt hierarki som synsvinkel, gjeld så mange som 32 saker klagemål frå bønder mot embetsmenn eller styresmaktene ved sine lokale representantar. I tillegg kom sju supplikkar frå bygselsmenn, og seks som galdt heile allmugen. Til saman galdt dette 54 % av det totale supplikkaterialet adressert til statthaldaren. Saksforhold embetsmennene imellom var årsak til 24 supplikkar eller 28 %, saker mellom bøndene 13 klageskriv eller 13 % av materialet. Samla kan ein slå fast at særleg i dei siste tiåra av 1600-talet visste både allmugemenn og kondisjonerte å nytte seg av den ventilen som klageordninga representerte.

Embetsmenn i Vågå 1680-1720

På det verdslege området var Vågå sentrum i eit større distrikt frå mellomalderen. Fleire generasjonar av sysselmenn i Gudbrandsdalen budde på garden Sandbu. På Liufærvangen ved Vågåvatnet gjekk det årlege midtfastetinget føre seg i seinmellomalderen.⁶ Vågåvatnet batt saman Lom prestegjeld og hovudsoknet i Vågå prestegjeld. På nordsida av Ottadalføret gjekk vegar om Rustdalen til Sel anneks, over Jettfjellet til Dovre, og om Slådalen til Lesja og Romsdalen. Sorenskrivaren og den militære kompanisjefen som budde i Vågå, hadde plassert

⁶ Aukrust 2007, s. 99.

seg sentralt i embetsdistriktet. Forvaltningsområdet deira sist på 1600-talet i tillegg til Ottadalen omfatta Lesja prestegjeld med anneksa Dovre og Øvre Folldal, og prestegjeldet Fron. På sørsida av Ottadalføret med Sjudalen grensa embetsområdet mot Valdres.

Vi skal møte nokre representantar for embetsfolket i Nord-Gudbrandsdalen under eit drikkegilde på avlsgarden Søre Sunde under Vågå prestegard. Kring det same bordet sat embetsmenn og allmugemenn saman, standsmarkørar var prestedrakt og uniformseffektar. Sjiktmeisteren for Frederiksgave koparverk i Sel anneks til Vågå var ikkje til stades, heller ikkje sorenskrivaren. Med utgangspunkt i verksemd og familiesamanheng gjev vi dernest ein presentasjon av dei einskilde kondisjonerte deltakarane, to prestar og ein offiser. Felles for dei fleste embetsmennene var innvandringsbakgrunnen til familiane deira i ei tid da statsstyret i København etter kvart hadde festa grepet over grannelandet i nord.

Eit drikkegilde på Søre Sunde i Vågå i 1682

Ein tidleg haustdag i året 1682 sat nokre av dei fremste embetsmennene i Nord-Gudbrandsdalen samla under ein samankomst på garden Søre Sunde, avlsgard under prestebølet i Vågå prestegjeld. To av dei fire prestane var til stades, og like eins majoren i den regionale hæravdelinga i Nord-Gudbrandsdalen. Alle tre kom med følge. Lomspresten Bent Friis møtte saman med den lokale leiglendingen Jon Valle som hadde med seg ein soldat. Vågåpresten Henning Munch, som vart innsett i embetet året før, hadde med seg den 17 år gamle tenesteguten Magnus Eliassen, som også fekk sitja saman med dei hine. Majoren Ole Brun stilte i selskapet saman med tamburen sin, og elles var det fleire til stades kring bordet som sidan kunne vitne om det som hende. Majoren, som kom etter først å ha vorte nøda, synte snart teikn til irritasjon. Da han til slutt ville forlata selskapet, kom det til fleire valdelege opptrinn ute i garden mellom han og dei to prestane slik at folk måtte gå imellom. Da resultatet av usemja kom opp på bygdetinget i Vågå seinare på året, var det etter krav frå dei to prestane.⁷ Kva hadde hendt?

I boka *Voldssamfunnets undergang: Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet* har Erling Sandmo eit kapittel han kallar "Æren og sannhetens historie". Der argumenterer han for at spørsmål om sanning og ære slik desse førestillingane kjem til uttrykk i tingbøkene, var knytte til personleg status og rykte like mykje som til konkrete handlingar i ei tid der bruken av skriftspråk i stor grad høyrde framtida til.⁸ Han hevdar at ære og æreløyse var noko alle i lokalsamfunnet var opptekne av, ikkje berre den sosiale eliten, men også menneska som utgjorde allmugen på ulike nivå. I undersøkinga si av fleire tingbøker frå tidleg i hundreåret nyttar han omgrepet artikulasjonsfelt for ulike former for ærekrenking, og drøftar fire typar der dette omgrepet kan vera tenleg å nytte: Omgang med dyr, markering kring avgrensa sosiale fellesskap, tjuvskap og seksualitet.⁹ På Søre Sunde sat ulike sosiale sjikt kring same bord. Alle hadde si ære å ta vare på. Ho kunne lett bli krenkt om einkvan braut ut av det sosialt tilmålte handlingsromet sitt.

⁷ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 18, fol. 48b-56b.

⁸ Sandmo 1999, s. 144ff.

⁹ *Ibid.*, s. 107ff.

Vi ser først på kleddrakt som sosial markør. For rangspersonar galdt embetsdrakt. Under oppbygginga av militærstellet frå 1660-talet med utskrivning av bygdegutar til soldatar og organisering av legder, kom pålegg på gardane om å dekkje kostnader til utstyr.¹⁰ Forordningar frå 1666 og 1671 slo fast at to fullgardar skulle utgjera ei legd med ein soldat. Legda skulle vera ansvarleg for å utstyre den utskrivne soldaten. Militærtenesta kvilte på bondestanden, men hadde til dømes presten eit ansvar for soldatutrustinga i legder der gardar låg under mensalgodset? Majoren Ole Brun og lomspresten Bent Friis var motpartar i ei slik sak. Og med presten sin leiglending til stades på Søre Sunde kom konflikten mellom dei raskt til overflata.

Ei av dei som vitna på tinget etter møtet på Sunde, mintest at det hadde vore mykje tale om klede og sko til soldatane, ”hafer di da told om Soldater Klæder och schoe med des vitloftij indhold”.¹¹ Legdesoldaten som sat ved bordet saman med lomspresten sin leiglending Jon Valle, kan knapt ha vore i rett mundur, for snart fann han grunn til å be husverten sin om å få låne trøya hans: ”Nu motte Jon Wolde klede af sig sin trøye och fli sin Soldat”, og lomspresten på si side ba majoren om orsaking for leiglendingen sin og soldaten.¹² På embetets vegner hadde lomspresten tidlegare nekta å koste utstyr som skulle til for legdesoldatane under prestebølet.¹³ I den samanhengen hadde han uttrykt at einast ei ordre frå statthaldaren eller futen skulle få han til å bøye seg. Eit ord frå major Brun akta han i alle fall ikkje på.

Etter bordseta ville Bent Friis gå og leggje seg, ”och drog sin Samarie af”. Med det var han utan vernet og autoriteten som følgde embetsdrakta hans da dei sidan kom ut på tunet og majoren gjekk til handgripeleg åtak. Eit påfølgjande basketak i neste omgang mellom majoren og vågåpresten herr Henning enda med at båe ramla i koll. Denne gongen kjende offiseren trong til å rette opp att den sosiale balansen, og viste til embetssymbola deira, prestens krage og majorens kårde. Han seier: ”Tencher J paa eders Krafue, och ieg paa min Kaare”.¹⁴

Etter det med kleddrakt nemner Erling Sandmo for det andre seksualitet og omgang med dyr som uttrykk for ærekrenking i tingboksakene. Under bataljen på vegen frå Søre Sunde blir dyr nytta som nedsetjande bannord to gonger, men med noko ulikt innhald og adresse. Der majoren står og peikar kårda mot brystet på lomspresten som nå ligg på bakken, skrik han ut: ”Nu schalt du døde din hund”. Til all lykke grip andre inn og får hindra ei misgjerning. Ein annan og sterkare bruk av sjølve dyremetaforen blir nytta av vågåpresten der han fleire gonger ropar etter majoren: ”Hund och Hunsfot”.¹⁵ I *Ordbog over det danske sprog - dansk i perioden 1700-1850* blir bannordet hundsvot eller hundsvot omsett med hundefitte, det kvinnelege kjønnsorganet.¹⁶ Fleire vitne hadde likevel lagt merke til at herr Henning tok seg i

¹⁰ Ersland og Holm 2000, s. 218.

¹¹ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 19, fol. 3.

¹² Ibid., nr. 18, fol. 49b-50a.

¹³ Ibid., nr. 19, fol. 2a-4b.

¹⁴ Ibid., nr. 18, fol. 53b.

¹⁵ Ibid., fol. 54a.

¹⁶ Hundsvot, sjå <http://ordnet.dk/ods/ordbog?query=hundsvot>: 04.04.2011.

vare med adressaten. Presten ”nafn gaf ingen” der han stod og ropte. Med det unngjekk han ei mogleg motstevning frå majoren.

Den norske elfenbeinkunstnaren Magnus Berg som gjorde lykke ved hoffet til Christian 5, evna å bryte alle sosiale stengsel med handverket sitt. I biografien om han stadfestar kunsthistorikaren Åshild Paulsen at det truleg var han som tente i Vågå prestegard i 1682. Under bordseta på Søre Sunde fann lomspresten på å skåle med denne tenesteguten til Henning Munch på tvers av standsgrensa mellom dei. Orsakinga frå Bent Friis ved dette høvet etter ein ublid reaksjon frå majoren var at han tykte Magnus var ”en Erlig Karll”, ein person med ære.¹⁷ Fordi om farfaren visstnok var prest, hørde Magnus like fullt heime i allmugen, og ein slik gunst mot ein tenestegut provoserte majoren enda ein gong.

Eit forhold til frå Søre Sunde gjeld ein skade som vågåpresten fekk på den eine handa av kårda til Ole Brun. ”Havde Major: self sin Kaare, och H: Henning var schaaren i haanden”. Dette kunne i seg sjølv bli eit viktig moment når prestane sidan reiste sak mot majoren. Erling Sandmo drøftar det som han kallar statens skriftmonopol på 1600-talet i saker som galdt brotsverk, og ser brennemerking på hender og i andlet som døme på dette.¹⁸ Bok 6, kapittel 7 i *Christian 5.s norske lov* handlar om avhogging og sår. I punkt seks heiter det: ”For alle de Saar, som mand ej kand skylde med Klæder, eller Haar, som er Saar i Ansigt og paa Hænder, bødis halv mere, end for andet Saar”.¹⁹ Andlet og hender skulle vera blanke ark for tilfelle der styresmaktene trong skrive ei straff med svijernet. Her som i andre æressaker galdt ingen prinsipiell skilnad mellom allmuge og prest. Og framfor fut og lagrette på bygdetinget kom major Ole Brun til å måtta bøte ein halv gong meir for skaden på handa til herr Henning. Derfor nøgde presten seg med å vise fram handa, og ville heller ikkje møte majoren seinare på kvelden.

Da herr Henning sidan var komen heim til prestegarden, kom majorens tambur og kravde to gonger etter kvarandre at han skulle koma over til dei på den andre sida av elva. Men det kunne han ikkje, meinte Magnus Eliassen da han vitna i retten. – For herr Henning var ein prestemann, og dessutan var han skoren i handa. På spørsmål i retten om prestane hadde vore drukne medan dei oppheldt seg på Søre Sunde, var vitna forsiktige. Alle som ein svara at dei alt hadde sagt det dei visste.

I drikkegildet på Søre Sunde møttest embetsstand og allmuge ved same bordet. Konflikten som på førehand rådde mellom majoren og lomspresten, galdt utrustinga av legdesoldaten under lomspresten sin leiglending på garden Valle i Vågå. Majoren sin irritasjon over Bent Friis fekk næring av at soldaten frå Valle var ukorrekt kledd, og av at lomspresten skåla med ein tenestegut. Under slåsskampen ute var det allmugemenn som hindra ei ulykke, og under

¹⁷ Paulsen 1989, s. 12 og 259; Paulsen tolkar teksten slik at det var fordi Magnus Eliassen var ”en Livlig Karll”. Ved nærare ettersyn er det stor likskap mellom skrivemåten av bokstavane stor L og stor E i teksten, den neste bokstaven derimot let seg betre tolke som ein ”r” heller enn som ”iv”. Tolkinga blir da ”en Erlig Karll”.

Etymologisk er det ein samanheng mellom ære og ærleg.

¹⁸ Sandmo, *op. cit.*, s. 158.

¹⁹ *Christian 5.s norske lov*, sjå

<http://www.nb.no/utlevering/nb/dadd21ce6c114a7edb7c9475c5aab279#&struct=DIVP401>: 04.04.2011.

den påfølgjande rettssaka var det dei som stod fram som vitne til støtte for prestane. Under den rådande sosiale orden der grensene mellom høg og låg, ære og æreløyse, straffa og ustraffa, alltid var livsviktige, var det likevel mogleg i ein lokal samanheng å drikke kring same bord. Spekteret av ærekrenkingar og ukvemsord som vi her såg døme på mellom embetsmenn, kunne like gjerne føre med seg stevning og motstevning med allmugemenn som den eine eller bae partar når høvet var der.

Personar av rang i den andre delen av 1600-talet: Prestane

Prestegarden sin avlsgard Søre Sunde låg ved austenden av Vågåvatnet på sørsida, næraste grannen var Nordre Sunde der sorenskrivaren og familien hans budde. For å koma seg heim frå gildet med ein slik valdeleg utgang i 1682 måtte majoren og herr Henning passere over den lange Sundbrua ved osen av Vågåvatnet. Ho låg over ikkje mindre enn 22 kar der gardane i hovudsoknet oppdelte i grupper hadde ansvaret for vedlikehaldet av kvar sine bolkar. Frå Sundbrua gjekk vegen tvers over Vågåmoane, ei vid øyre som for ein stor del høyrde til Vågå prestegard. Nær gardstunet i prestegarden og tverrelva Finna bortanfor stod kyrkja, nyreist i åra før 1630. For å koma til bustaden sin på garden Øy måtte majoren Ole Brun passere vidare over Finnbrua, og det var dit vågåpresten Henning Munch ikkje ville koma etter han den same kvelden. På nordsida av dalen låg gardane i rekkje og rad med Sandbu, Sve, Øy, Blessom, Hååkåstad, Råstad, Lunde og Svare, velståande grender på tufter frå forhistorisk tid.

Vågåpresten sat i god velstand. I 1661 sat han på 14 prosent av ei skyld som til saman for prestegjeldet utgjorde 432 huder.²⁰ Etter det som soknepresten Anders Munch opplyser i kallsboka i 1731 utgjorde mensalgodset da til saman 48 huder 6 skinn.²¹ Det gav ei årleg inntekt på 60 riksdalar. Prestens del av tienda gav i gjennomsnitt 166 riksdalar. Saman med det som kom i offerskjeppa, og for tenestene i samband med dåp, giftarmål og jordfestingar stipulerte Anders Munch ei årleg inntekt på om lag 300 riksdalar. Det var lik verdien av 100 kyr eller eit godt gardkjøp.

Henning Munch var sokneprest i Vågå frå 1681, året før gildet på Søre Sunde. Men i kallet hadde han vore sidan 1673 da han vart kapellan hos forgjengaren Eggert Stockfleth.²² Med sokneprestembetet i Vågå følgde ekteskapet med Anne Glostrup, jamnaldrande og enkje etter forgjengaren.²³ Sjølv var Herr Henning av bondeslekt i Gudbrandsdalen. Ivar Kleiven ymtar om ein mogleg standsskilnad på det grunnlaget mellom han og kona, som kom frå sentrale embetsfamiliar i riket. Men kjeldene nytta i denne artikkelen, støttar ikkje ein slik påstand. Det måtte einast vera ein referanse til slektslina frå gamal norsk adel som han kom fram med under gravferda til den mektige enkja på Bjølstad i Heidal det året han sjølv døydde.²⁴ Men det skulle i så fall ikkje gjera han sjølv til mindre mann. Presten i Lom, magister Bent Friis,

²⁰ Teigum 2001, s. 295.

²¹ SAIH. Geistlege arkiv, Oppland 1, Vågå sokneprestembete, kallsbok 1722-1808, fol. 2a-b, 5a-b.

²² Brodal 1911, s. 22.

²³ Eyben 1929, s. 38f.

²⁴ Barbro Bjølstad var av dei såkalla gjæslingane på Søre Sandbu i Vågå. Etter eit slag ved Mjøsa i 1177 vart Ivar gjæsling kong Sverres mann, og Heimdalen mellom Gudbrandsdalen og Valdres vart lagd til hovudbølet hans, Sandbu. Privileget, som skulle fornyast for kvar ny konge, finst i stor grad dokumentert fram til 1700 (Teigum 2011, uttrykt manus).

som vi møtte på Søre Sunde, var eit av mange eksempel på at son følgde far i embetsvegen, og det i det same kallet.

Offiserar i Det nord-gudbrandsdalske kompani av Det oplandske infanteriregiment

Ole Brun var kaptein for Det nord-gudbrandsdalske kompani av Det oplandske nasjonale infanteriregiment frå 1662.²⁵ I Vågå, Lom og Lesja vart han ein stor jordeigar etter kvart som krona selde unna gods på 1660- og 70-talet. Under eit tingmøte i Vågå i 1671 vart det lese opp eit skriv der Ole Brun hadde fått tilslag på gardpartar til saman verd meir enn 20 huder.²⁶ På 1680-talet vart karrierevegen vidare staka ut. I 1682, det same året som han flytte frå Nord-Gudbrandsdalen, vart han utnemnd til major. I 1688 kjøpte Ole Brun garden Lysgard i Fåberg, i 1696 finn vi han som sjef for Det sør-gudbrandsdalske kompani. Frå 1700 var han oberst og kommandant i Trondheim.

Utskrivinga av soldatar til ein legdehær førde med seg at 1300 gardar under krongodset i Norge vart utpeikte til offisersgardar. I Vågå finn vi offiserar på bruk under dei sentrale gardane Nordgard Sandbu, Øy og Søre tidleg på 1660-talet.²⁷ Sat det ein bysgelmann på den utlagde garden, skulle offiseren ha tjue riksdalar til årleg underhald heilt til bonden kunne flytte ut. Ved tilflytting skulle offiseren vera friteken for skattar, utskrivning og skyssplikt med ein tilsvarende verdi. Medan slike embetsfamiliar som Munch og Stockfleth hadde ein varig fotfeste i Gudbrandsdalen, var fleire av dei høgare offiserane meir mobile. Dei kom frå Danmark og Tyskland, og det militære kommandospråket var tysk. Den tyskfødde kapteinen Casper von Brüneck var sjef for Det nord-gudbrandsdalske kompani med bustad på Nordgard Sandbu i Vågå i perioden 1684-1699.²⁸ Frå 1701 tente han som kaptein i Ålborg.

Det gudbrandsdalske bergverket i Sel var starta opp i 1642 på staden som vart heitande Selsverket, og i første omgang som ein overbygning over det som kunne bli oppdaga av malmførekomstar elles i Gudbrandsdalen. Særleg knytte det seg interesse til malmfunn i Espedalen og på Lesja. På Lesja vart eit jernverk opna omkring 1660. Med Ulrik Frederik Gyldenløve som eigar og statthaldar frå 1664 vart namnet på koparverket i Sel endra til Frederiksgave.

Innvandring og embete

Utover på 1600-talet var talet på norskfødde prestar aukande innan den norske delen av heilstaten, og nådde 80 % innan hundreåret var ute.²⁹ Det tilsvarende talet på danskfødde prestar var da nede på 12 %. Men medan Rostock og Wittenberg var dei mest søkte presteskulane på 1500-talet, hadde fleire og fleire utdanninga si frå den dansk-norske rikshovudstaden, og enkelte tente i kall i båe landa under karrieren sin. I Vågå prestegjeld hadde einast Henning Munch norsk slektsbakgrunn. Dei andre prestane på 1600-talet kom frå

²⁵ Ovenstad 1948.

²⁶ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 8, fol. 5a-b.

²⁷ *Stattholderskabets Extraktprotokol 1662-69, bd. II, 1664-65 s. 18f., 103; IV, s. 231.*

²⁸ Ovenstad 1948.

²⁹ Opsahl og Sogner 2003, s. 378.

danske innvandrarfamiliar som hadde oppnådd høge posisjonar i embetsverket i Norge. Anten gjennom slekt eller giftarmål høyrde dei alle, også Henning Munch, til i det same embetsnettverket med mange representantar i Gudbrandsdalen fram til eit stykke ut på 1700-talet.

Prestane nytta det danske språket, språket blant yrkesmilitære og tenestemennene ved bergverka var tysk. Dei to siste kategoriene var mindre stasjonære. Eit unntak kan vera løytnanten Just Mogensen Berg som kjøpte seg gard på Sel, og som i 1664 organiserte store leveransar av setjeved til Selsverket. Sjiktmeisteren ved Selsverket slo seg ned i bygda da drifta tok slutt. Kanskje hadde han ikkje noko å reise til, eller han sette sin lit til ei ny drift ved koparverket.

Sorenskrivaren Henrik Jacobsen Schmidt

Mellom sorenskrivarane i Norge var det fleire norskfødde enn danskfødde i 1650 så langt som ein kjenner fødestaden deira. 94 % av konene deira var norskfødde, halvparten prestedøtrer. I Gudbrandsdalen har Statsarkivet i Hamar registrert den første tingskrivaren i 1579.³⁰ Det meste av tida var fogderiet delt i to med ein sorenskrivar for den søre delen frå Ringebu, og ein for den øvre delen av distriktet frå Fron. Omkring 1700 og så langt utan krav om ei akademisk utdanning var sorenskrivarane del av ein sjølvrekrutterande embetsstand.³¹ Jacob Knudsen i embetet for tinglaga Vågå, Lom, Lesja og Fron 1662-88, og sonen Henrik Jacobsen Schmidt i den same stillinga i åra 1688-1719, er eit døme på slik sjølvrekruttering på same måten som fleire prestestillingar i desse fjellbygdene. Både far og son heldt hus på Nordre Sunde, garden ved austenden av Vågåvatnet som Jacob Knudsen hadde kjøpt i 1668.

Far til Henrik Schmidt, Jacob Knudsen, var gift med Kristina Trolle, medlem av ein dansk adelsfamilie.³² Ein annan av sønene deira var Knud Schmidt. Han studerte teologi i Tyskland og fekk prestekall i Danmark. Ein tredje son var Jacob Jacobsen. Han tente som kontorist hos broren Henrik Schmidt i Nord-Gudbrandsdalen og som styrar for buet etter at sorenskrivaren var død. Som eldre mann vart Jacob Jacobsen omsider gift med prestedottera Anna Sophia Munch i Vågå. Ein fjerde son til Jacob Knudsen heitte Niels, og to døtrer Anne og Karen.³³ Dette var ein familie med band til sentrale styresmakter i Norge, og til eit nettverk som strekte seg til den danske delen av heilstaten.

Eit bilde av den profilerte embetsmannen Henrik Jacobsen Schmidt, sorenskrivar, assessor og viselagmann på Opplanda, møter vi først gjennom den folkelege tradisjonen. Dernest går vi inn på embetsutøvinga hans slik ho kjem fram i dei samtidige kjeldene. Som sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdalen i andre generasjon og som busett i Vågå ein stor del av livet, kunne han oppnå ein stor kjennskap til allmugen sjølv om han både økonomisk og sosialt høyrde heime i ein annan divisjon.

³⁰ SAIH. Register over sorenskriverier i Gudbrandsdalen – 1731.

³¹ Opsahl og Sogner 2003, s. 379.

³² Ostermann 1936, s. 291.

³³ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 28 (1700), fol. 15b.

Sundeskrivaren i folketradisjonen

Boka *I gamle Daagaa* av Ivar Kleiven kom ut i 1908. Av emme som blir omtala, møter lesaren einast tre personar av embetsstand. I bolken ”Naagaa taa kaart” finn vi ei heller bister omtale av Anna Hedvig Hausmann, ”prestefruga som va saa stor paa di”, og som budde i Vågå 1697-99.³⁴ Omtalen av ”Sond-skrivar’n” Henrik Schmidt i den same bolken er derimot meir nyansert. I den folkelege tradisjonen ser den første av desse to representantane for embetsstanden ut til å ha vore like illgjeten som den andre var populær. Stykket om Henrik Schmidt var med alt i den første segnsamlinga som Ivar Kleiven fekk trykt i 1894.

Mellom bygdefolket vart sorenskrivaren heitande Henrik ”Sonde”, skriv Ivar Kleiven.³⁵ Han visste å forsyne seg av pengar og gods, men embetet sitt røkta han vel og domane hans stod seg som oftast for ein høgare rett. Han la vekt på å stå seg med bygdefolket, men vagværane leit ikkje fullt ut på han, aller minst når han var på det mest beinkesame. Han var ein staseleg mann som også kunne føre seg blant ”dei store”. ”Difor klædde han seg både fint og dyrt og fylgde Mota paa alle Vis”. Ivar Kleiven svingar seg til litterære høgder i ei skildring der han let Henrik Schmidt koma stigande inn i Vågåkyrkja på ein høgtidsdag i all sin stas. Da kom han med gul elgskinnbrok med 16 sylvknappar, grå vest med 34 filigranskknappar, sylvlista grå kjole med 23 store tvinna sylvknappar, spansk parykk og diamantring med ni steinar på fingeren. Da meinte folk at noko slikt hadde dei ikkje sett sidan Gyldenløve ”fór”. Og likevel var han ein av dei, Henrik Sunde, nemnd etter garden faren hadde kjøpt i si tid.

Ivar Kleiven går vidare og nyanserer bildet av Henrik Schmidt, på den eine sida med ei understreking av empati, på den andre sida med uttrykk for beundring over eventyrleg rikdom. Etter tradisjonen døyde kona til skrivaren, Maria, fødd Glad, saman med spedbarna under ein tvillingfødsel, og Kleiven lever seg inn i kjensla av sorg.³⁶ Men snart tek forteljinga ei meir humoristisk vending i ei konkretisering av ordtaket som seier at etter ein samlar, kjem ein øydar. Det heittest at ein stuebygning som Henrik Schmidt fekk reist på Sunde, skulle vera den første bygningen med tre etasjar i Vågå. Da skrivaren var borte og rikdomen omgjord i mynt, fylte pengane eit heilt rom. Da den mindreårige sonen Hans Jacob straks etter vart myndig og opna døra til dette romet, skulle han ha ropt ut til pengane i kista: ”Glæder og fryder eder, her kommer eders Forløser”. Dernest følgjer eksempel på agelaus øyding. Replikken sitert på det danske herrespråket tente som ein ekstra markør i den lokale humoren lenge etter at dansketida var til ende

Ivar Kleiven var folkeminnesamlar og forteljar. Berre i einskilde tilfelle let han lesaren få del i eit skriftleg kjeldegrunnlag. I skildringa av den legendariske sorenskrivaren frå omkring 1700 går det likevel tydeleg fram at han har nytta både tingboka og skifteprotokollen, og at han har hatt kjennskap til slektskapsbanda mellom embetsmannsfamiliane Glad, Grüner og

³⁴ Anna Hedvig Hausmann var gift med Frederik Grüner, prest i Vågå 1697-99, sjå Grüner 1936, s. 70.

³⁵ Kleiven 1977, s. 91ff.

³⁶ I *Norsk slektshistorisk tidsskrift* 1955, ss. 25-31 skriv K. Bloch at Maria Schmidt fødd 1685 var dotter til assessor Hans Knudsen Glad og Anne Marie Tønder. Hans Glad var andre gongen gift med Maren Grüner. Under skiftet etter Henrik Schmidt var svogeren Frederik Glad til stades. Frederik Grüner, sokneprest i Vågå 1697-99, var varsla som slektning, men møtte ikkje. Sjø Kleiven 1977, s. 88f, Grüner 1936, s. 71, SAIH. Gudbrandsdal sorenskrivarembete, Nord-Gudbrandsdal skifteprotokoll nr. 4 (1719-26), fol. 1a.

Hausmann, som alle var representerte i Nord-Gudbrandsdalen på ulike vis. Særleg har Kleiven arbeidd med skiftet etter Henrik Schmidt. Det ser ein ikkje minst i måten han har kledd opp sorenskrivaren der han stig inn i kyrkja for å lyde messe. Men der skriftlege kjelder viste ein annan veg, kunne han like gjerne la den munnlege tradisjonen råde. Det gjeld til dømes den tre etasjar høge bygningen på Sunde. Under Storofsen i 1789 var denne garden ein av dei som var hardast råka av jordskred, og dette blir detaljert skildra av Ivar Kleiven. Men det han ikkje nemner, er at i taksten den same hausten blir einast to stuebygningar nemnde på Sunde, ein stor og ny stuebygning, og ein gamal med to laft.³⁷

I venstremannen Ivar Kleiven si tid var ei markert sosial lagdeling framleis verksam i Vågå. Framleis vekte ein rik embetsmann i fortida med nære band til lokalmiljøet eventyrfantasier heller enn indignasjon. I skifteprotokollen kunne ein finne eigedomar, buskap, innbu, lausøre og andre verdiar etter Henrik Schmidt som strekte seg over 12 foliosider.³⁸ Sorenskrivaren heldt i 1719 til saman 48 hestar. Ei svart dansk merr hadde han fått i gåve av visestathaldaren, og berre ho vart verdsett til 16 riksdalar, langt over gjennomsnittet. Einast eit par hingstar låg høgare i verdi. Sorenskrivaren dreiv med avl truleg som den einaste i prestegjeldet til da. Av storfe var Henrik Schmidt god for over 70 dyr heime. Elles hadde han ei tilsvarande mengde uksar til foring fordelte på 28 brukarar i Lesja prestegjeld, særleg i Folldalen. Uksane hans gjekk til utleige, som det heitte, i fem år før dei vart omsette som slaktefe. Desse brukarane og andre av nybyggjarane i fjellbygda aust for Dovre stod i gjeld til den mektige sorenskrivaren i Vågå. Med omsyn til jordegods i Vågå sokn hadde Henrik Schmidt både bygsla og landskyldinntekter av gardpartar som utgjorde 18 huder jord.

Henrik Schmidt kunne godt gjera seg ei inntekt som bankier. På Toten var han god for gardpartar verd til saman 3400 riksdalar, delvis oppnådd som arv. Men det var berre ein del. I Toten prestegjeld hadde han også hand om kongen sin tredel av tienda. I skiftet er denne posten åleine sett til 8100 riksdalar. Skiftet viser at Henrik Schmidt var god for ei brutto formue på meir enn 26 000 riksdalar.

I boka *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie* drøftar Ingar Kaldal bruken av det han kallar verdilada forteljargrep. Han vurderer anektotar og vandrehistorier som mytologiserte forteljingar. Det mytiske innhaldet kan mellom anna ha ein moralsk funksjon, ved å peike ut ein aktør eller ei hending som førebilde, eller det motsette.³⁹ Eit slikt ærend ser det ut til at Ivar Kleiven går i skildringa si av prestefrua i det neste stykket. Skildringa av den rike Henrik Schmidt der han stig inn i Vågåkyrkja står i skarp kontrast til Anna Hedvig Hausmann. Ettersom saga gjekk, skreik ho over seg i avsky da konene kom med barselgraut, og like eins skulle ho ha spurt mannen sin om det ikkje fanst eit anna rom i Himmelen for dei sjølve og deira likar enn for bondefolket.

³⁷ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete frå 1732, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 14, 1789-93, fol. 43b-45a.

³⁸ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, Nord-Gudbrandsdal skifteprotokoll 1719-26, fol. 1-6b.

³⁹ Kaldal 2002, s. 94.

Sorenskrivaren sin entre i kyrkja i framstillinga til Ivar Kleiven er eit anna eksempel på litterær dramaturgi. Oppe på langveggen i Vågåkyrkja midt imot preikestolen og med eigen inngang frå utsida hadde prestedotter og to gonger prestenkje Anne Glostrup fått bygt seg sin eigen kyrkjestol. Men det meste av tida var det likevel sorenskrivaren som nytta denne stolen etter at han hadde kjøpt garden prestenkje budde på. Med det skaffa sorenskrivaren seg ein eksklusiv inngang i kyrkja, og den som ville få han i tale, fekk prøve ute på kyrkjebakken.

I Vågå hadde Henrik Schmidt ein ugift bror og ein son. Som embetsmann og forretningsmann låg han ein stor del av tida ute på reise. Mange var avhengige av hans gode vilje både som kreditor i tronge tider, og som talsmann i forhold til statlege og rettslege ordningar og påbod. I 1701 vart Henrik Schmidt pålagd av kongen å betale ei bot ”for sin med en Qvindis Person ved Nafn Anne Mortensdatter begangne Leyermaals forseelse”.⁴⁰ Han slapp eit forsmedeleg offentleg skifte, ”dog skal hand derimod tiltenkt Være, noget efter sine midler og leilighed samt Biskopens billig sigelse, til neste Hospital først at udgive, saa fremt hand denne Voris allernaadigste bevilling agter at nyde”. Mor og barn vart gjevne ei framtid på Toten. Tradisjonen som Ivar Kleiven formidlar om sonen frå ekteskapet med Maria Glad, var heller ikkje utan rot i røyndomen. At det var problem med guten etter at faren var død, kjem i samtida fram av ei fråsegn frå Hans Berntsen Essen som var gift med syster til Henrik Schmidt. Han ber om at assessor Grønbech må ta ansvaret for utdanninga til systersonen.⁴¹ Hans Jacob Henriksen Schmidt var da 17 år gamal, gjekk i skule hos ein nær jamnaldrande presteson i Fron, og har ”icke lært saa megit at hand kand skrive toe Lineder ret, end sige andet”.

Sorenskrivaren, assessoren og viselagmannen fekk eit ettermæle ulikt dei fleste andre embetsmenn i Gudbrandsdalen i dansketida. Det empiriske grunnlaget for dette omdømet søker vi etter med hjelp av omgrepsparet patron og klient, og innverknaden ei slik posisjonering kunne få for embetsutøvinga hans.

Embetsmann og patron

Omgrepsparet patron og klient er kjent frå den romerske antikken og blir framleis nytta for å skildre ein viss type relasjonar i eit hierarkisk oppbygt samfunn mellom ein part som har makt til å gje vern mot at den andre parten underkastar seg. I det førindustrielle samfunnet kunne patron-klientforholdet dreie seg om relasjonen mellom godseigaren og leiglendingane hans. Relasjonen var personleg og bygde på gjensidig tillit. Forholdet mellom sorenskrivaren Henrik Schmidt og dei av oppsitjarane hans som ikkje berre hadde eit pengelån, men som også tok på seg å ala opp uksane hans, kan tolkast innanfor ei slik ramme. Klientane fekk økonomisk hjelp og kalvar av kyrne sine, den rike patronen skaffa seg beite og slaktefe.

Eit brev stila til stiftamtmanden i Akershus gjev eit enkelt døme på korleis ein patron-klientrelasjon kunne etablerast. Truleg hadde stiftamtmanden late ord falle om at han ønskte

⁴⁰ *Norske kongebrev*, 1701, den 5. april, nr. 45; sonen er nemnd i eit skiftebrev frå Toten i 1730 mellom mora og stefaren, sjå Kjelland 1992, s. 586.

⁴¹ RA. Kat 1121/81. Danske kanselli. Norske innlegg: Gudbrandsdalen 1660-1725, 11.12.1722.

seg ein jeger som kunne halde han med fjellryper. I 1718 skriv Henrik Schmidt at han veit om ”en dreng der kand vel med at Skyde Rypper, Saa naar det er di vintterer som den er noget til, vil ieg Lefve i det haab, at hand kunde forschaffe min Høygunstige Herre en half Snees tylter med rypper om vintteren til kiøchens fornødenhed”.⁴² 120 ryper kunne det bli råd med til stiftamtmannens kjøkken i Christiania. Dette var ikkje berre ei teneste som var ei anna teneste verd oppover i systemet. Det kunne også by på ein føremon å tenkje på same måten nedover i samfunnspyramiden.

I brevet held sorenskrivaren fram: ”Saa dersom høybaarne Herre det saaledes behagede, at ieg paa deris vegne skulle antage samme Person ved navn Siver Pedersen Slaaen, Om da gunstigt maatte Skiches mig med første et Pads til ham fra Høybaarne Hr: Conferendsraad, at hand er Deris Skiøtte, Saa hand kunde passere fri for indskrifning og J Andremaader”. Det gjekk ikkje meir enn seks veker før Syver Slåen hadde passet i handa som gav han eit fritt fjelliv, fri for utskrivning i det militære ”og J Andremaader”. Men utan det personlege bandet til sorenskrivaren ville fridomen fort kverve.

Kva så med sjølve embetet som sorenskrivar og handhevinga av det? Tingboka let oss få eit visst innblikk. Eit kongeleg påbod frå 1699 gjekk ut på at Gudbrandsdalen skulle leggjast under eitt sorenskrivarembete så snart det eine vart ledig. Dette var sakte eit svar på søknad frå Henrik Schmidt om at distriktet var for lite til to embete, og at han sjølv gjerne tok over båe når Sør-Gudbrandsdalen vart ledig.⁴³ Ein vikarsøknad til amtmannen frå sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdalen tidlegare det same året viser at dei to skrivarane kunne avløyse kvarandre etter behov.⁴⁴ Frå 1710 er det ført ei tingbok for heile distriktet. Men Sunde-skrivaren hadde vorte eldre eller tidene verre. I 1714 leverte Henrik Schmidt ein søknad hos statthaldaren der han ba seg fritaken for å møte i overhoffretten for betre å kunna ta seg av sitt verkelege embete, som han skriv:⁴⁵ ”Det forefalder adskillige Kongens Sager med Arrestanter, Boets lodder og i andre tilfelder, saavelsom almuens og andre folckes Sager som kand Være fra andre fremmede Steder, som ej Taaler ophold.”

Kor stor innsats i form av embetsreiser baud så Gudbrandsdalen på under eit år der den eine skrivaren hadde heile ansvaret? I 1714 reknar vi til saman 42 møtedagar fordelte på tingmøte og synfaringar kringom i distriktet. Med to til tre reisedagar mellom Vågå og Gausdal kjem vi fort nær 100 møte- og reisedagar under eit år og i åra som følgde med ein sorenskrivar. I tillegg for Henrik Schmidt kom saksførebuing og etterarbeid, dei årlege møta i overhoffretten i Christiania frå 1708 og åstadssaker i Akershus lagdøme med lange reiser til Valdres, Toten og Hadeland. Skifteforretningane til kvar tid er heller ikkje medrekna. Dei var også sorenskrivaren sitt ansvar.

⁴² Statsarkivet i Oslo, Akershus stiftamt, brev frå sorenskrivarane, Gudbrandsdalen 1718.

⁴³ RA. Danske kanselli, Norske innlegg, Gudbrandsdalen, 09.05.1699.

⁴⁴ RA. Statthaldararkivet, B II 5, Aut. supp og res.-protokoll 05.01.1692-10.10.1699, nr. 1.

⁴⁵ RA. Statthaldararkivet, D XI, pk. 15, ymse lause dokument; også AIO, Akershus stiftamt, brev frå sorenskrivarane, Gudbrandsdalen 1719, brev frå Thomar Randulf den 20. juli.

Den 17. oktober 1718 var Henrik Schmidt på veg attende frå behandling av åstadssaker på Ringerike og Hadeland. Etter ordre formidla av stiftamtmanden i Akershus starta denne dagen eit arbeid i Fåberg sokn med å ”begrandsche og besigtige” alle gardar og bruk i distriktet.⁴⁶ Dei kom ikkje langt på den første garden før det sette inn med snøver. Henrik Schmidt rapporterer: ”Da vi haver opmaalet Agerne paa den gaard Røne for at Søge underretning hva der kunde Saaes, og skulle udkaste deris Høe til at opveye, Saavel som deris korn til afterskning, Saasom iche paa nogen anden maade kunde utfindes nogen Rigtig begransking, hvormeged deris høe og korn aufling var, indfalt det et meget slemt og forskreckelig Veyrlig med Snee og Slud, som fremdeles vedholder paa disse Steder till Fields og intet andet er at forvente herefter paa denne aarsens tiid”. Og oppsittjarane kunne fortvile. Ikkje berre var registreringa eit ufyselig arbeid for embetsmannen i slikt ver, det var også til skade for dei stakkars bøndene som på denne måten fekk øydelagt avling. ”Beyammerede di fattige folck sig med klage, at Dersom deris Aufling skulle udkastes i Saadan veyrlig, blev det siden gansche opraaden, dem til Total Ruin”.

Sett frå eit kontor i København var hausten med avlinga i hus eit høveleg tidspunkt for kontroll. Attende i Vågå skreiv Henrik Schmidt eit nytt brev til styresmaktene. Pålegget hadde gått ut på at alt anna arbeid måtte leggjast til side for registreringa. Derfor måtte han spørja om både lokale saking og åstadssaker i lagdømet skulle setjast til side, og han tok opp att dei store ulempene registreringa førde til for bøndene. Dessutan var avlingsmengda på gardsbruka svært ulik frå år til år. Da måtte det vera langt betre at bøndene sjølve gav opplysningane støtta av lokalkunnskapen som sorenskrivaren sat inne med. ”Dersom hver Sogens Almue maatte blifve beordret at møde udi Fogden, min og Laugrettes Ofververelse, at angifve Richtig hvis di kand Saae og Aufle, og hvad Chreatur di kand føde, med gaardens viddere tilligende”. Det ville ikkje vera lett å koma med urette opplysningar på bygdetinget om nokon prøvde seg. ”Med tilhold hos, hvis iche di retteligen angifver, og anderleedes befindes ved besichtelse og granschning, da derforre at Lidde og Straffes, Saasom ieg og andre som er paa desse steder bekiendt kand vide nogen ledes en hvers gaards godhed, Leylighed og tilstand”.⁴⁷

Ein framgangsmåte tufta på ein grad av lokal tillit kunne vera ein farbar veg. Alternativet pålagt av dei sentrale styresmaktene ville ta mange år. Og Gudbrandsdalen var eit stort distrikt, skriv sorenskrivaren: ”Dersom hver gaard med sin tilligende Agger og Eng, Skov og March, Enge Sletter og Setter Løcher Sampt Fische vande schal Øyen Siunlig er fares og begransches, som schal vere Ret og ansvarligt, kand det iche Skee at blifve fuldbyrdet paa mange aar”. I Henrik Schmidt møter vi her ein embetsmann med eit konkret og realistisk syn på forholda omkring seg. Han finn grunn til å lite på utsegnene frå dei skattepliktige bøndene, og er villig til å tala deira sak. Ei krigsskatteliste i stiftamtmandens arkiv frå futen i Gudbrandsdalen i 1719 inneheld namnet på om lag 1650 oppsittjarar i dalen.⁴⁸ Da er sju av åtte prestegjeld medrekna. Truleg var dette starten på eit arbeid som først var fullført i 1723 som utkast til ein ny landsomfattande matrikkel.

⁴⁶ SAIO. Akershus stiftamt, brev frå sorenskrivarane, Gudbrandsdalen 1718.

⁴⁷ Ibid., brev frå sorenskrivarane, Gudbrandsdalen 1719.

⁴⁸ Ibid., brev frå futane, Gudbrandsdalen 1719.

Sorenskrivaren si eiga dobbeltrolle som embetsmann, tiendforpaktar på Toten og långjevar i Nord-Gudbrandsdalen var her kanskje med på å forme synet hans. Lesja prestegjeld med alle sine frostbitne grender med tørre somrar og kalde vintrar hadde oppnådd å få ettergjeve kongens del av korntienda på grunn av jamleg avlingssvikt. Det skulle ikkje vera mykje populært når patronen fire gonger kvart år kom frå Vågå med krav om fri skyss for å sjå til gardane og plassane sine i Folldal.⁴⁹ 37 debitorar i hovudsoknet Lesja med annexa Folldalen og Dovre utgjorde 17 % av alle skyldsette bruk.⁵⁰ Dei fleste andre skyldnarane budde i Vågå og Fron. Den samla uteståande gjeldskapitalen på 7723 riksdalar fordelt på 52 låntakarar blir 148 riksdalar i gjennomsnitt på kvar. Skil vi ut 600 riksdalar frå Hans Majestet, 1290 frå majorinne Knoph på Toten og 300 frå kapellan Hals på Lesja, blir det attståande 113 riksdalar i gjennomsnitt for 49 medlemmer av allmugen under sorenskrivarembetet i Nord-Gudbrandsdalen. Sorenskrivaren kjende vel både skatteevna og sutene til allmugen i dalen.

Med bakgrunn i sorenskrivaren Henrik Jacobsen Schmidt sine ulike roller i det innanlandske rettsapparatet skal vi i den neste bolken gå til den nedre delen av den sosiale skalaen. Vi skal mellom anna sjå på vilkår som nokre nyrydjingsfolk og bygselmenn møtte under kollisjonar med embetsinteresser i det lokale samfunnet. Ein ny prest i Vågå tenkte meir på rettane sine som embetsmann enn på utviklinga av eit nettverk av klientar.

Den jernskodde hæl og den milde hand

I salmen "Elsk din neste, du kristensjel" held Bjørnstjerne Bjørnson fram i grundtvigianske vendingar: "tred ham ikke med jernskodd hæl, / ligger han enn i støvet". På 1800-talet var det framleis levande det hierarkiske verdsbildet frå tidlegare hundreår med ein altoverskodande Gud aller øvst. Hans representant på jorda var kongen av Guds nåde med sitt kyrkjelege og verdslege embetsverk overskodande ein allmuge med forpliktingar til nivåa over. Almugen var også lagdelt med jordeigande bønder og bygselmenn og husmenn over det lause folket og kvinnene. Bjørnsonsalmen held fram med denne utsegna: "Alt som lever er underlagt / kjærlighetens gjenskerpermak". Omskrive i tidlegare tiders verdsbilde ville dette seia at den overordna som ein far synte omsorg for den underordna, som såg nytte og trøyst i å innordne seg systemet med personlege band. Framleis øygnar vi skimten av patronar og klientar.

Attende sist på 1600-talet skal vi møte allmugen i Ottadalen gjennom to saker. Den eine saka les vi ut av ei ny usemje mellom ein prest og ein offiser. Konflikten mellom dei var i første omgang så lite presisert at allmugemennene som var innkalla som vitne, kjende seg frie til å leggje fram klagemål av ulike slag mot soknepresten sin. I verste fall kunne konflikten ende med ei disiplinærsak mot presten. Eit særskilt påskot under konflikten galdt framferda til magister Bent under høgmesse skjærtorsdag i 1696. Men der vart han berga av den delen av allmugen som hadde gått til skrifte om morgonen.

⁴⁹ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II 6, nr. 295.

⁵⁰ SAIO. Akershus stiftamt, futen i Gudbrandsdalen, krigsskatteliste 1719.

Den andre saka gjeld ein bygselmann og ein husmann som opplevde å bli utkasta frå bruka sine av ein nyttilsett sokneprest i Vågå. Motsett forgjengarane sine let presten bokstaven i lova gå føre sikre og romslege bygselinntekter. Med stønad frå sorenskrivaren og sidan assessoren Henrik Jacobsen Schmidt kan vi følgje dei to bygdekarane på vandring oppover i maktapparatet, til styresmaktene i København, og sidan gjennom ein lagmannsdom til ei endeleg tapt sak i overhoffretten. Etter matrikuleringa av jorda i tiåra før vart dei to plassmennene tidlege representantar for det norske husmannsvesenet, som så langt ennå ikkje hadde funne si endelege form.

Allmugen si rolle i saka mellom kaptein Casper von Brúnech og magister Bent Friis

Under samankomsten på Søre Sunde i 1682 såg vi at ein motsetnad mellom lomspresten magister Bent Friis og majoren Ole Brun kunne få valdelege utslag. Med etterfølgjaren kaptein Casper von Brúnech heldt fiendskapen fram. Under messa skjærtorsdag 1696 skulle magister Bent forrette i Vågåkyrkja som vikar for Henning Munch. Etter framferda hans under nattverden denne dagen fann kaptein von Brúnech eit påskot til å saksøkje han. Utforminga av søksmålet gav i første omgang rom for eit spekter av klagemål blant allmugen. Vitna som kapteinen mobiliserte var på den eine sida personar som kjende seg provoserte av presten under nattverdsmåltidet. Men også andre, særleg i Lom med annekset Skjåk, kjende seg frie til å leggje fram klagemåla sine mot presten sin, ein autoritet dei såg på som både grisk og valdeleg.

Sjølv tvisten mellom kapteinen og lomspresten var slik at stiftamtmanden Christian Stockfleth, som elles var i nær slekt med prestefamilien i Vågå, ikkje ville ta standpunkt: ”En hver faar at giøre det lougen byder”.⁵¹ I vår samanheng med tanke på møteplassar i vid forstand mellom to kulturar, er det interessant for det første å sjå kva som kunne koma fram frå allmugen under ein open konfrontasjon mellom to embetsmenn. For det andre får vi døme på kor ulikt folk kunne oppleve framferda til presten under den sakrale delen av embetsutøvinga hans.

Til tingmøtet i Lom den 10. februar 1697 var kapteinen representert av ein fullmektig som han hadde fått godkjenning frå stiftamtmanden til å nytte seg av.⁵² Sjølv møtte han ikkje fram trass i ei lovleg motstevning frå presten. Derimot hadde kapteinen innstevnt ei rad med vitne som la fram ulike klagemål. I magister Bent sitt eige prestegjeld galdt vitnemåla døme på brutalitet i den verdslege delen av embetsutøvinga. Felles for vitna var at dei var skremde av metodane presten nytta under innkreving av tiend og andre avgifter. Hans Toresen Prestjordet kjende seg utskjelt av magister Bent ved knefallet under nattverden ein messesøndag hausten før.⁵³ Til leiglendingen Jakob Kvålheim hadde presten med følgje kome på garden, hadde rive han i hår og skjegg, og kalla han kjeltring og helvetes pakk. Med påstand om eit pålegg frå Rentekammeret i København vart han sidan tvinga til å flytte til ein simplare gard, og attpå til å betale eit mellomlag i lomma til presten.

⁵¹ RA. Statthaldararkivet, supp og res.protokoll, B II 5, nr. 54, 1697.

⁵² RA. Statthaldararkivet, supp og res.protokoll, B II 5, nr. 6, 1697.

⁵³ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 26 (1697), fol. 2b-6b.

Tre bønder gav døme på at magister Bent Friis med følgje hadde kome på garden for å krevja tiend. Han hadde sendt karane sine på låven for å truske korn, eller i alle fall for å lata som dei ville truske, medan han sjølv let bonden betale seg fri med pengar. Ein annan vart tvinga til å betale bygselpengar for ein plass som presten hevda tilhørde kyrkja. Peder og Gjertru Hole hadde kome i krangel tredje pinsedagen, og laut betale presten for heilagbrot. Seks riksdalar eller to kuverd var ein vanleg sum presten kravde for å rykkje ut eller for tenester. To mann vedgjekk å ha betalt presten under bordet for å sleppe offentleg tiltale for leiermål. Bror til ein tredje hadde motteke ei kufte for å spionere på ein motpart i Vågå, og for sidan å gøyme seg bort til saka var avslutta.

Den ukonfirmerte ungguten Johannes Løkken hadde ikkje møtt til overhøyringa. Bent Friis kom heim til han og slo han gong på gong med ein stokk. Og da mora ville forsvara sonen, fekk ho seg også nokre slag. Dette vitnemålet fekk kaptein von Brúnechs fullmektig til å reagere. Var det ikkje betre at presten bar seg mildare åt mot dei svake og verjelause? Under dette tingmøtet førde ikkje presten vitne, men nekta med eid for innhaldet i alle framsette påstandar. I saka om spionering på motparten drog han fram ei sak frå skriftestolen med det til føremål å gjera vitnet mindre truverdig. Dette var eigentleg eit alvorleg brotsverk. Etter lova kunne ei slik openberring ha ført til ”Kalds Fortabelse” for presten om skriftemålet var hemmeleg.⁵⁴ Men som vi skal sjå, vart skrifte gjennomført som ein gruppevis seremoni.

Under tingmøtet i Vågå den 11. mars stod gudstenesta skjærtorsdagen året før i sentrum. Framleis var det kapteinen sine vitne som skulle høyrast. 14 mann fortalde da korleis dei hadde opplevd lomspresten som vikar. Magister Bent hadde bore seg underleg åt, dei visste ikkje anten han var drukken, gal eller sjuk. Der han flytte seg omkring, vart han støtta av klokkaren og drengen sin. Heile tida stod ein stol klar som han sette seg på, tilmed da han skulle opp i preikestolen. Han bar prestedrakta utan messehaket heilt til det vart påtala frå kyrkjelyden. Under nattverden starta han med å bera rundt disken med vin før han delte ut brødet. Da det vart påtala frå kyrkjelyden, skulda han på klokkaren: ”Den defvels Klocher gjør mig gal i dag”. Helst måtte han vera drukken under gudstenesta. Saka var å sjå på som alvorleg. Etter lova skulle den presten som skjenkte vinen før brødet nektast å halde preike inntil saka var rapportert til prosten og han hadde godkjent forklaringa.⁵⁵

Framgangsmåten ved nattverdsgudstenesta var slik:⁵⁶ Kyrkjelyden møtte til skrifte før sjølve høgmesse. Alle skulle ta imot nattverden med jamne mellomrom. Før brødet og vinen kunne delast ut ved altarringen, måtte nattverdsgjestane ha skrifta, og ha teke imot det som vart kalla avløyning for syndene sine frå presten. Skrifteritualet vart gjennomført gruppevis i sakristiet, så mange som det var plass til om gongen. Og på ein høgtidsdag som skjærtorsdag, var det mange som ville ta del.

⁵⁴ Christian 5.s norske lov, 2-5-19, sjå

<http://www.nb.no/utlevering/nb/b26bf6b46510815d0389115fa02d92cb#&struct=DIV78>: 04.04.2011 .

⁵⁵ Mosfeldt 1844, s. 34.

⁵⁶ Fæhn 1994, s. 130ff.

Det neste tingmøtet i Vågå vart sett den 31. mai, og nå var det presten sine vitne som stod for tur. Dei var 11 frammøtte, alle hadde vore til skrifte på skjærtorsdagen året før. Mellom dei var fire kvinner, og alle var samstemte. Magister Bent hadde overnatta i prestegarden i Vågå.⁵⁷ Om morgonen hadde prestekona Anne Glostrup bede tenestejenta gå opp til gjesten med eit beger brennevin. Men han kjende seg sjuk og ville ingenting ha. Til skrifte var det mykje folk som møtte, og presten måtte be mange vente til andre påskedag, for da ville han få assistanse. Derfor vart gamle og langvegsfarande prioriterte. I skriftehuset klaga han over kor svak han kjende seg. Vitna drog fram dette til forklaring på at han hadde vore indisponert under altartenesta og preika. Elles var dei godt nøgde med han. Kristoffer Fillingsøy hadde fått spørsmål om han ville hjelpe presten med hest og kar slik at han kom seg heim til Lom snøggast råd nå som isen på Vågåvatnet var utrygg. Ein annan mann lovde magister Bent fersk fisk som skulle bli send med postguten. I Vågå prestegard etter messa hadde lomspresten framleis ingen mathug.

Kaptein von Brúnech hadde ni nye vitne under den siste høyringa i Vågå, men dei kunne ikkje anna gjera enn stadfeste det som alt var kjent frå påskekudstenesta. Etter vitnemåla til dei som var skrifta og som hadde sett kor indisponert magister Bent var, gav ikkje lenger drukkenskap eller galskap ei rimeleg forklaring på den ureglementerte framferda hans. Den 2. juni heldt saka mellom kapteinen og lomspresten på nytt fram i Lom. Vitna var delvis dei same som før hadde klaga på herr Bent si framferd i den verdslege delen av embetsføringa si. Men denne gongen var regien strammare. Avgiftsinndringa til presten og metodane han tok i bruk var ikkje ei sak for retten. Utspørjinga var avgrensa til framferda mot Hans Thoresen Prestjordet, han som hadde kjent seg utskjelt ved knefallet i Hovskyrkja. Sjølv hadde Hans stukke av på nytt, og dei ti vitna kunne ingenting seia om kva som hadde gått føre seg mellom han og presten.

Magister Bent Friis hadde vore prest i Ottadalen i mange år liksom far hans før han. Vitnemåla om tiendindringa der bøndene fekk bøye seg, fortel om lov og brutal maktutøving, men også om måtar bøndene kunne vise ein seig uvilje på mot ein einsleg embetsmann i fjellbygda. Som vikarierande sjelesørgjar og skriftefar i grannesoknet kunne Bent Friis få den skriftesøkjande allmugen på si side anten det var på grunn av frykt for Herren eller av samhug med ein gamal mann. Derfor kunne han feile og bera seg underleg åt under messa på sjølvaste skjærtorsdag utan å misse andlet. Magister Bent kjende seg likevel utrygg etter det siste tingmøtet i Lom. Den 5. juni søkte han stiftamtmanden om juridisk hjelp i Christiania dersom saka vart førd vidare av kapteinen. Søknaden var grunngeven med sviktande helse.⁵⁸ Men amtmannen følgde opp det han før hadde sagt om saka deira med blankt avslag.

I bygdeboka for Skjåk kallar forfattaren Hans P. Hosar soknepresten i Lom magister Bent Friis ein grisk entreprenør. I framstillinga ovanfor har vi sett at han kunne vera ein beintfram valdeleg innkrevjar utan at det var noko som retten la vekt på under behandlinga på tinget.

⁵⁷ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 26 (1697), fol. 25-29.

⁵⁸ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II 5, nr. 88, 1697.

Det handla om avgifter han hadde krav på, og som han sjølv var ansvarleg for å krevja inn. Som ein gamal mann og vikarprest i grannesoknet Vågå kunne han vekke medkjensle hos ein skriftesøkjande allmuge som med det redda han frå ei disiplinærsak. Soknepresten i Vågå frå året 1700 var knapt komen i stolen før han la seg ut både med allmuge, andre medlemmer av embetsstanden og sine overordna. I forholdet mellom den nye vågåpresten og Henrik Schmidt kjem nykomaren ut som ein omsynslaus prinsippryttar medan den veletablerte sorenskrivaren ter seg som allmugens talsmann og forsvarar. Innanfor ei klientskapande ramme ville både Henrik Schmidt og dei tidlegare prestane i Vågå vera hjelpsame med å skaffe jord mot ei avgift og eit personleg band i samsvar med eit aukande behov. Vilhelm Dop let heller nokre oppsitjarar stå på berr bakke enn å vike unna eit prinsipp.

Utanfor sirkelen kring Gyldenløves bord

Presten Frederik Grüner vart avløyst av Vilhelm Dop etter berre tre år i tenesta i Vågå prestegjeld. Frederik var soneson til kongens myntmeister Peter Grüner, han som mellom anna også var leiaren i det første partisipantskapet for koparverket i Sel. Mor til Frederik var som enkje herre over store eigedomar i Christiania, mellom dei møllebruket Nedre Foss i Akerselva. Som sitt første kall vart den nyutdanna og nygifte sonen utnemnd til prest i Vågå prestegjeld frå 1697. Kona hans var Anna Hedvig, brordotter til general Carsten Herman von Hausmann. Det unge presteparet lengta etter å finne att plassen sin ved slektningen Gyldenløves bord i Larvik. Anna Hedvigs ettermæle i Vågå som kaut og kry, er ein mogleg peikepinn om det. Ein annan er den nye bygningen dei let reise i Vågå prestegard i same stil som Gyldenløves residens i Larvik, og som omsider kom til Maihaugen på Lillehammer.

Grannesoknet til Larvik er Hedrum, og der sat Vilhelm Dop som prest. Det gjekk ikkje lenge før dei to prestane skulle ”indbyrdis være bleven foreenet om at omvexle Kald med hinanden”, som kongens halvbror uttrykkjer det i vedtaket.⁵⁹ Vilhelm Dop hadde tent som prest i Hedrum sidan 1678.⁶⁰ Under prestgarden i Hedrum låg fleire bruk og plassar. Dop hadde kjøpt i tillegg ein fullgard skyldsett til fire huder som Grüner tok over ved embetsbyttet. I sjølve prestegarden hadde Dop, like eins som Grüner i Vågå, fått utført ein del byggjearbeid på 1690-talet. Ikkje jordegodset, men truleg embetsinntektene kunne vera noko mindre i Vågå. Det er likevel ikkje der ein best ser kven som drog det lengste strået av dei to prestane. Frederik Grüner var ein ung mann som flytta til sin næraste svigerfamilie og til eit av dei mest fornemme sentra i landet. Vilhelm Dop vart forflytta til eit framandt kall etter mange år, og møtte der ein veletablert embetsstand som han straks tok til å utfordre.

Like mykje som høge og låge innanfor allmugen, vart sorenskrivaren eit mål for vreiden til presten. Ei sak som Vilhelm Dop straks tok opp, galdt vedlikehaldet av Sundbrua ved austenden av Vågåvatnet der både han sjølv og sorenskrivaren var partar saman med bøndene i hovudsoknet, Henrik Schmidt ikkje minst som kongens fremste lokale representant. At embetsgardane skulle synfarast for kvar ny tenestemann, var det vanlege. Men ikkje minst hos den nye presten i Hedrum vekte det ei viss oppsikt da Vilhelm Dop først etter eit år i Vågå

⁵⁹ RA. Norske kongebrev, 14.juli 1699.

⁶⁰ Krohn-Holm 1978, s. 367ff.

kravde ein gjennomgang i prestegarden med forgjengaren til stades.⁶¹ Også bøndene som hadde vore med på finansieringa av den nyreiste prestebustaden i Vågå, reagerte. Til føremålet hadde dei gjeve to riksdalar for kvar fullgard i hovudsoknet, til saman 120 riksdalar.⁶² Alt det første året i Vågå sa Dop opp alle plassmennene under prestegarden. Direkte var dette eit tap for dei det gjekk utover. Indirekte representerte oppseiinga ein sterk kritikk mot fleire forgjengarar i prestekallet, familiar som framleis hadde mektige representantar i distriktet. I spørsmålet om vilkår og erstatning for plassfolket til presten tok Henrik Schmidt eit standpunkt som ville gjera skaden så liten som råd for dei som den harde lina til Vilhelm Dop gjekk ut over.

Formalisme mot patronat: Prest, sorenskrivar og allmugemenn

Jakob Helgeson og Eilev Einarson var to karar i Vågå som brukte kvar sin plass under Vågå prestegard. Bruket som tilhørde Jakob, heitte Kvea og låg i utmarka under avlsgarden Søre Sunde der vi tidlegare har vore innom. Plassen Hagen som Eilev brukte, låg i utmarka under sjølve prestegarden. Eilev Einarson var skulelærer. Den 22. oktober 1705 skreiv desse to eit langt klagebrev til kongen etter at dei med vald og makt hadde vorte utkasta frå heimane sine.⁶³ Ein laurdagskveld til den eine og måndagen etter til den andre hadde soknepresten sine tenestekarar kome med hestar og fem plogar, og hadde øydelagt åkrane deira. Dette var klimaks i ei sak som hadde utvikla seg i ein periode på seks år. Statthaldaren tok inga avgjerd, men sende saka vidare til kongen og viste til alle dokumenta som alt fanst i protokollane frå før.

Nå var ikkje soknepresten den einaste som dreiv med utkasting av småfolk. Eit tiår tidlegare hadde bonden Knut Tolstad freista kaste ut enkja Marit Rusten frå eit plassbruk som ho hadde fått lovnad på å behalde livet ut.⁶⁴ Knut hadde selt dette allmenningsbruket på to skinn for god fortjeneste til ein annan. Knut var bror til Pål Tolstad, ein av dei største bøndene i hovudsoknet, og åtte storgarden Tofte i Dovre. I saka til Marit Rusten greip statthaldaren inn og lovde enkja pengehjelp til sakførsla om det vart nødvendig. Saka mellom presten og dei to plassmennene derimot splitta embetsverket: Prest mot sorenskrivar, lagmann mot visestathaldar. Kongen sjølv var kjend med saka. På den eine sida hadde den einskilde presten etter lova ingen rett til å avhende nokon del av prestegodset som kunne forringe verdien for etterfølgjarane. På den andre sida burde oppsitjarane som vart utkasta, få ein frist til neste vår for å avvikle. Dei burde få ei erstatning etter takst for arbeidet dei hadde lagt ned, og høve til å selja husa dei hadde sett opp om ikkje presten ville kjøpe dei. Desse omsyna, som sorenskrivaren gjekk inn for etter vanleg skikk, nekta Vilhelm Dop hardnakka å gå med på.

⁶¹ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II 5, nr. 23, 1697, B II 6, nr. 175, 1701 og 1702; nr. 228, 1702.

⁶² SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 28 (1700), fol. 29b; OANV. A-0319, utrekna med grunnlag i Landkommisjonen frå 1661 for *Bygdebok for Vågå og Sel*.

⁶³ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B IV 1, fol. 129a-130b.

⁶⁴ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 23, fol. 5a; RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II 5, nr. 81.

Med utkastingane sine gjorde vågåpresten Vilhelm Dop om inkje ei utvikling som tre prestar før han i kallet hadde hjelpt fram. Av klagebrevet frå Jakob i Kvea og Eilev i Hagen går det fram at far til Jakob fekk rydde opp ein plass til seg og sine på 1660-talet medan Frederik Glostrup framleis var prest i Vågå.⁶⁵ Faren hadde betalt bygsel og ei årleg leige. Da mora vart enkje, betalte ho bygsel til den neste presten Eggert Stockfleth. Etter henne hadde både bror hans, som nå var død, og Jakob sjølv betalt bygsel til dei neste prestane Henning Munch og Frederik Grüner. Eilev i Hagen hadde rydda plassen sin på 1690-talet, og lovnaden frå Henning Munch var at bruket kunne bli skyldsett så snart Eilev var i stand til å betale. Og det hadde han gjort.⁶⁶

Men så kom Vilhelm Dop i kallet, og han gjekk straks til sak for å få plassfolket fjerna same kva dei hadde betalt. Han stemnde saka inn for lagmannen i Christiania, Peder Blichfeldt, og der fekk han medhald. Ettersom dei korkje kunne lesa lagmannsdomen eller føre saka si på lagtinget, tok Jakob og Eilev tiggargstaven fatt og drog til København vinteren 1701-02. Derifrå fekk dei med seg brev til visestatthaldaren og biskopen. Vågåpresten skulle kallast inn til forliksmøte i Christiania. Der måtte dei to plassmennene få erstatning for bygningar og arbeid, og dessutan få attendebetalt bygselpengane dei hadde lagt ut.

Attende i Christiania var visestatthaldar Gabel bortreist, og lagmann Blichfeldt var den som tok imot dei. Det einaste dei fekk med seg derifrå var innkallinga til Vilhelm Dop. Det gjekk han ikkje med på da dei kom heim, og med det fekk dei gå tomhendte frå Vågå til Christiania enda ein gong. At styresmaktene i København likevel følgde med på utviklinga i saka, går fram av eit kongebrev datert Jægersborg den 3. september 1702. Kongen hadde teke imot ein supplikk frå Vilhelm Dop med påteikning ”hvoraf J self kand see hvad hand anfører imod Sorenskriveren Henrich Jacobsen Smit samt tvende Huusmænd der i gieldet ved navn Jacob Helgesen og Elef Enersen, anlangende deris allerunderdanigste besværing og Klagemaal over hannem”.⁶⁷ Presten hadde hevda at sorenskrivaren gjorde felles sak med dei to oppsitjarane imot han.

I von om at alt skulle ordne seg etter den andre turen til Christiania, vende Jakob og Eilev attende til plassane sine, og Eilev fortel etter at dei var utkasta tre år seinare, at han i tida etter byturen hadde lagt seg ekstra i selen med forbetringar. Tida gjekk fram til april 1705. Da kom brevet frå København som stadfesta krav frå Vilhelm Dop om at lagmannsdomen måtte bli ståande ved makt, og setjast ut i livet. Når så Jakob og Eilev søkte hjelp for å få saka si fremja for overhoffretten, gjekk presten til aksjon med tenestekarane sine og øydela åkrane deira. Etter det gjekk Jakob og Eilev for tredje gong med tiggargstav i hand til Christiania. Men der vart dei framleis nekta å sjå lagmannsdomen, og vende seg på nytt til Hans Majestet.

Jakob Helgeson skreiv det første klagebrevet sitt til statthaldaren den 20. januar 1701. Der går han mellom anna inn på familieforholda som gjorde at brukarskiftet og med det

⁶⁵ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B IV 1, fol. 129a-130b.

⁶⁶ Ibid., B II 6, nr. 229.

⁶⁷ RA. Norske kongebrev, fol. 395b-396a.

bygselavgiftene hadde vorte så mange.⁶⁸ Foreldra hadde i alle fall hatt tre barn. Ei dotter var ufør og sengeliggjande. Etter at ektemannen var død, hadde mora fått seg ein ny mann. Og landherren, som da var Henning Munch, reagerte med trugsmål om utkastning eller betaling av ny avgift. Eldste broren var soldat og gift da han tok over plassen frå mora, men døydde etter stutt tid. Enkja kjøpte Jakob ut med to tønner korn attåt ny avgift til presten Frederik Grüner. For rydningsplassen var det på 36 år betalt 59 riksdalar i bygselavgift og ein dalar i årleg leige.

Som kommentar til denne supplikken gav Vilhelm Dop ei fråsegn ein månad seinare. Det var ikkje berre Jakob Helgeson presten ville bli kvitt, men til saman åtte plassar der forgjengarane i prestekallet hadde late rydningsmenn bli sitjande. Til nå var det berre Jakob som hadde protestert, og derfor tykte Dop det var nødvendig å statuere eit eksempel. Jakob Helgeson hadde Kvea etter den eldre broren, men budde sjølv på plassen Moen. Og der budde mora og systera saman med han. I Kvea hadde dei teke inn ein framand person ”Norden fields fra, med sin hustrue og andre inderster”. Dette nemnde ikkje Jakob i supplikken, og han hadde ikkje bede presten om løyve. Etter lova var det i seg sjølv årsak god nok til utkastning. Skilnaden mellom Jakob Helgeson og Eilev Einarson var at Eilev først hadde starta opprydjinga på plassen Hagen på 1690-talet, lenge etter at matrikkelen var utarbeidd i 1668. Under vitneavhøyra la elles båe vekt på at plassane deira var opprydda i utmarka, ”i tyche Kiøren” og ”tyche toldskoven”.⁶⁹ Og tømmer hadde i alle fall far til Jakob skaffa seg utanfor prestegardens grunn. Mellom sorenskrivaren og presten stod to rådville plassmenn.

Etter den endelege utkastinga av dei to oppsitjarane under Vågå prestegard i 1705 gjekk det tre år. I 1708 var Henrik Schmidt oppnemnd til assessor i overhoffretten, eit verv som han utan habilitetshinder kunne sitja med ved sida av embetet som sorenskrivar og viselagmann. Den same hausten gjekk kongen med på at saka mellom presten og dei to oppsitjarane kunne prøvast i overhoffretten. Den første gongen kom saka opp i 1709, men vart utsett inntil Jakob og Eilev kunne vise at dei var i stand til å betale ei erstatning til Vilhelm Dop i fall dei tapte.⁷⁰ Året etter kom saka opp på nytt, og denne gongen med full siger til presten i samsvar med vurderinga til lagmann Peder Blichfeldt. Av dei fem domarane vart Henrik Schmidt ståande åleine i kravet om kompensasjon for nedlagt arbeid på plassane og tap av bygningar. I staden vart presten tilkjend til saman 40 riksdalar frå dei to mennene for omkostningar han hadde hatt.

I det hierarkisk oppbygde samfunnet på 1600-talet har vi sett at ein viss kommunikasjon kunne gå føre seg mellom botn og topp. Jakob Helgeson og Eilev Einarson var blant dei mange som gjorde reisa si til kongens København for å bli høyrde. Hausten etter har

⁶⁸ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II 6, nr. 169, fol. 184a-b; ei fråsegn frå Vilhelm Dop den 21. februar er behandla av statthaldaren under det same saksnummeret i protokollen .

⁶⁹ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 29 (1701), fol. 37a og 41a.

⁷⁰ RA. Overhoffretten, domsprotokoll nr. 39, sak nr. 92/1709, den 11. september, Ellef Enersen contra H Vilhelm Dop, og nr. 93/1709, den 11. september, Jacob Helgesen contra H. Vilhelm Dop; domsprotokoll nr. 40, sak nr. 95/1710, den 18. november, Ellef Enersen contra Willem Dop, og nr. 96/1710, den 18. november, Jacob Helgesen contra Willem Dop; 0145 voteringsprotokoll 1710, fol. 73a-74a.

styresmaktene teke imot ein supplikk frå vågåpresten der han skuldar sorenskrivaren for å ha gjort felles sak imot han med dei to leiglendingane. Og kanskje kunne presten ha noko å fara med. Utforminga av supplikkane frå allmugen var som regel sette på papiret av sorenskrivaren. Finansieringa av saka i overhoffretten sju år seinare er det vanskeleg å sjå at dei to saksøklarane kunne greie utan hjelp, og den næraste til å hjelpe var den nyoppnemnde assessoren som einsleg i retten tala deira sak til siste slutt.

Uvennskapen mellom soknepresten i Vågå Vilhelm Dop og sorenskrivaren Henrik Schmidt hadde fleire sider. Det galdt personlege forhold, og det galdt den embetsmessige behandlinga av allmugen. Liksom i saka med dei to leiglendingane, ser fleire ting ut til å ha nådd eit kritisk punkt i 1705. Da ba Henrik Schmidt statthaldaren om å få nytte ein setjeskrivar til å dømme i ei tre år gamal gjeldssak mot presten. Det dreia seg om 80 riksdalar som Vilhelm Dop ikkje hadde betalt attende trass i mange purringar. Berre nokre veker seinare gjekk presten til motaksjon i ei sak der han meinte sorenskrivaren solidarisererte seg med enda ein bygdekar imot han.

Ole Veggum og den forhatte skyssplikta

Vilhelm Dop byr fram mange døme på avstanden som kunne råde mellom embetsmenn og allmuge i tilfelle der avstand og prinsipp tedde seg som viktigare enn personlege møte og omgang over standsgrensene. Skysskaren Ole Veggum var ein av dei som våga å ta til motmæle, og som, om ikkje anna, på den måten vart eit talerøyr for ein allmuge som ikkje lett let seg kue.

Når presten skulle halde messe i Sel anneks, gjekk den vanlege vegen over Vågårusta og ned til Sel. Garden Veggum ligg lengst nede i Ottadalføret, meir enn to mil frå Vågåkyrkja og prestegarden. I forhold til dei to kyrkjene budde Ole Andersson Veggum i det tredje hjørnet i ein tilnærma likesida trekant. Likevel fall det på han å køyre vågåpresten bort og heim frå messe på Sel kvar femte helg, først frå Veggum om Vågå for å hente presten, og så over Vågårusta til Sel. Etter ei overnatting som skysskaren sjølv måtte betale, bar det attende den same vegen om prestegarden i Vågå når messa var over dagen etter. Til saman var det ei køyrelengde på to gonger fire mil.

Det trongst god kjemi for at eit vennskap skulle utvikle seg mellom presten og skysskaren under desse turane. Til slutt var Ole Veggum så irritert at han klaga over presten på bygdetinget, og sidan følgde han opp med ein supplikk til statthaldaren.⁷¹ Attåt det med skyssen let han det koma fram at han fleire gonger hadde kjent seg trakassert under skrifte og altargonge, og at presten hadde sett seg imot å døype eit av barna hans fordi dei drygde for lenge med kristninga. Årsaka var at dei ville vente med barnedåpen til isen la seg på elva Otta. Det mest alvorlege for Ole Veggum var kanskje at presten hadde selt unna tiendkorn frå kastbua som Ole hadde betalt for. Som elles såg ikkje presten seg forplikta til å møte på bygdetinget. Frå sorenskrivaren rekna han neppe med støtte. Henrik Schmidt var nå i ferd

⁷¹ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 31, 1703, fol. 20b-22a; RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B IV, fol. 24b-25.

med å førebu eit søksmål mot presten i gjeldssaka mellom dei. Alt dette var nettopp på den tida Vilhelm Dop også sende karane sine til plassane Kvea og Hagen for å rasere åkrane.

Presten Vilhelm Dop vart sitjande i kallet i over tjue år. Sakene han var part i under dei ti første tenesteåra i Vågå, viser mest av alt ein pengeglad og arrogant formalist. Som nykomling til eit distrikt der embetsfamiliane Schmidt, Stockfleth og Munch var vel etablerte, hadde han med ein gong kome på kant i alle fall med sorenskrivaren. Alle passa dei på rettane og interessene sine både overfor kvarandre og allmugen, men med klokskap og fleksibilitet kunne det variere. Medan Vilhelm Dop både streva med pengesaker og skapte misnøye omkring seg, var Henrik Schmidt den som med åra vart ein grunnrik mann, og som samstundes skapte seg eit positivt omdøme som levde vidare i folkeminnet lenge etter at han var borte. Omsider gjekk vågåpresten skorne av seg i forhold til sine overordna. Etter mangelfullt utfylte manntalslister i dei tre åra 1708-10 der han mellom anna hadde utelate medlemer av sin eigen husstand, vart han idømd 110 riksdalar i bot for embetsforsømming.

Sorenskrivarane stiller opp for allmugen i Gudbrandsdalen

I saka mot dei to oppsitjarane frå Vågå vart Henrik Schmidt som assessor ståande åleine i overhoffretten, men om lag på same tid vann han ein førebels siger i ei større sak for allmugen i heile Gudbrandsdalen. Det galdt ein tiendforpaktar som hadde truga heile dalen med represaliar og militære aksjonar om han ikkje fekk det som han ville. Høgsterett i København la vekt på feil i saksbehandlinga for å få dyssa saka ned. Men allmugen i Gudbrandsdalen oppnådde at både futen og stiftamtmanden stilte opp på bygdetinga for å be om fornya tillit.

Saman med ein bror var Herman Treschow (1665-1723) første generasjon innvandrar i Norge.⁷² Han hadde namnet sitt etter ein oldefar som var treskomakar i Næstved i Danmark. Faren var skipsreiar, kjøpmann og rådmann i Stege på Møn. Gerhard Schøning skriv at i 1701 var drifta ved jernverket i Lesja nedlagd, og den einaste av partisipantskapet som ikkje hadde trekt seg, var Herman Treschow. Han var derfor kanskje i pengenaud da han få år seinare dukka opp som kongens tiendforpaktar i heile Gudbrandsdalen. Saman med fullmektigen sin fór han der så hardt fram under innkrevjinga i alle prestegjelda bortsett frå Lesja i åra 1705 og 1706 at dei sentrale styresmaktene gjekk med på at klagemåla imot han skulle granskast.⁷³

Under felles tingsamlingar for sørdalen i Øyer og på Laurgard i Sel for norddalen vart det så teke opp forklaring etter at Treschow og fullmektigen fleire gonger og trass i stevningar ikkje møtte. Fullmektigen hadde klussa med listene over utsæden. Ved kastbuene hadde tiendeforpaktaren nekta å ta imot kornet, men i staden kravt i stort overmål med kontante pengar. Fekk han det ikkje som han ville, gjekk han over og forseгла løene slik at bøndene ikkje fekk ut fôr til buskapen. Gav dei seg ikkje med det, kalla han ut militæret. Som om ikkje dette var nok, kravde Treschow over alt fri skyss med fire hestar, og overnatting.

⁷² *Store norske leksikon*, nettutgåva, sjå . <http://www.sn.no/Treschow>: 04.04.2011.

⁷³ RA. Overhoffretten, domsprotokoll nr. 40 / 1710, allmugen i Sør- og Nord-Gudbrandsdalen.

Saka kom opp i overhoffretten i 1710. Der fekk allmugen retten sin stadfesta på alle punkt, Herman Treschow og fullmektigen hans vart dømde til erstatning og store bøter. Også for sorenskrivarane var domen ei oppreising. Lagtinget hadde sett annleis på saka, men overhoffretten sette vurderinga derifrå til sides, og gav full støtte til vedtaka på dei felles bygdetinga. Sorenskrivarane vart pålagde å rekne ut omfanget av erstatningane som tiendforpaktaren plikta å betale attende til bøndene.⁷⁴ For Henrik Schmidt personleg var det ein siger at han denne gongen fekk med seg dei andre domarane mot ein lågare rett, og det i ei sak som han sjølv hadde førebudd som sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdalen. For Sundeskrivaren i Vågå skulle det elles ikkje gjera statusen mindre at han saman med sorenskrivaren i Sør-Gudbrandsdalen hadde ført ei slik sak til siger på vegner av allmugen. For styresmaktene var saka mot tiendforpaktaren både eit tiltak mot korrupsjon i det lågare embetsverket, og ei brannsløkking i forhold til allmugen.

Med omsyn til innvandrarane Herman Treschow, så var han på si side slett ikkje ferdig med saka, men stemnde allmugen i Gudbrandsdalen inn for Høgsteretten i København. Til å føre saka for bøndene fekk generalfiskalen fullmakt.⁷⁵ I høgsteretten gjekk saka i motsett retning. Domarane retta kvass kritikk mot avgjerda i overhoffretten, og meinte som lagmannen i Christiania at den lokale behandlinga av saka var ufullstendig.⁷⁶ Ein uavhengig sorenskrivar måtte utpeikast til å vurdere dei økonomiske sidene ved erstatningssøksmålet frå allmugen. Domarane i høgsteretten var også lite tilfredse med den formelle saksgangen. Herman Treschow var ikkje støytt ut i eit varig mørker etter framferda si i Gudbrandsdalen. I mellomtida var han tvert imot utnemnd til generaltollforvaltar i Trondheim. Sonen kom til Vågå som sokneprest i 1737.

For andre embetsmenn i amtet kunne framferda til tiendforpaktaren i Gudbrandsdalen verke som ei åtvaring. Trugsmålet om bruk av det militære mot bøndene var det lengste nokon embetsmann hadde gått. Under eit tingmøte i Vågå ein månad før saka kom opp i høgsteretten i København, greip futen Christopher Brun ordet og spurde om nokon kjende seg dårleg behandla av han sjølv anten openlyst “eller med hemmelig Svig og underfundighed”.⁷⁷ Hadde han nokon gong sett fram krav som kunne vera dei til skade eller kongen til ulempe? Sjølv meinte han at han i embetstida si hadde fare fram ærleg og rettsindig imot allmugen, og håpa at dei ikkje hadde gått med på noko av frykt eller imot sin eigen vilje. Og meinte nokon at han hadde vore utru mot kongen, da måtte dei seia det “reent ud og gjøre deris bekiendelse derom, saasom hand det paa en Stille og Sagte maade, indstiller til dem self, og at sige rent fra uden ringeste hychleri”. For Christopher Brun skulle lojalitet mot kongen og ei rettferdig behandling av allmugen koma ut på eitt. Frå allmugen var responsen direkte. Dei hadde ingenting å skulde futen for, og dei takka han for tida dei hadde hatt i lag. Noko seinare gjorde sjølvaste stiftsamtmannen De Tonsberg ei reise til Gudbrandsdalen i same ærend for å forsikre

⁷⁴ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B IV 1, fol. 240a-b.

⁷⁵ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok nr. 2 (1711) for Sør- og Nord-Gudbrandsdal, fol. 44b ff.

⁷⁶ RA. DRA. høgsterett, voteringsprotokoll nr. 54, pag. 9-16, sjå http://arkivverket.no/URN:rg_read/36116/6/?size=medium&mode=0: 04.04.2011.

⁷⁷ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok nr. 3 (1712) for Sør- og Nord-Gudbrandsdal, fol. 10b.

seg om at allmugen ikkje bar på klagemål mot dei faste tenestemennene, futen, sorenskrivarane og lensmennene.⁷⁸

Bønder og bygdefelleskap

Så langt har vi sett døme på korleis lokale embetsmenn med standsgrensene intakte og under dei same lover og ordningar kunne representere ulik framferd mot medlemmer av det som galdt for det lågare sjiktet i samfunnet. Det galdt brukarar på umatrikulerte plassar, og bønder tyngde av tiendbetaling og skyssplikt. I den neste bolken skal vi møte medlemmer av eliten blant matrikkelbøndene i Vågå og sjå korleis dei kunne innrette seg både i forhold til statsmakta sine representantar og eigne standsfeller. Med bakgrunn i tradisjonell bondekommunalisme kunne eliten blant bøndene i visse tilfelle alliere seg med embetsmenn på ulike nivå for å fremje eigne interesser.

Tradisjonelt galdt forholdet til styresmaktene slikt som skattar til kongen og kyrkja, rettshandheving, vedlikehald av vegar og bruer, og frå midt på 1600-talet soldatlegder. På den andre sida fanst slektsnettverka som kunne mobiliserast til trygging, eller til utstøyting. Meir og meir sentralt stod rettar knytte til jord, skog og ressursar i utmarka. Med matrikulering av jorda, mindre interesse for bondejord blant embetsmenn og forretningsfolk, og under presset av folkeauke, kom allmenne rettar også under press. I visse samanhengar førde det til splitting mellom folk, i andre tilfelle til eit aukande samhald. I alle desse sakene var embetsmennene sin funksjon avgrensa anten det var som partar, administratorar eller baa delar. Vi skal mellom andre møte storbonden på Tolstad, bondekaptein og bondelensmann.

Bondekapteinen og løytnanten, den framtidige lensmannen på Tolstad

Av ei liste over lensmennene i Vågå trykt i *Årbok for Gudbrandsdalen* går det fram at i perioden 1578-1764 var brukaren på garden Tolstad lensmann i til saman 62 år eller 33 % av tida.⁷⁹ Frå midt på 1600-talet og i tre tiår utover på 1700-talet var faren Hans og sonen Pål for bygdehovdingar å rekne. Under Carl Gustav-krigen på 1650-talet kunne Hans Tolstad kalle seg bondekaptein og nyte skattefridom i fleire tiår. Som forvaltar av eit stort kvernberg under garden var han i stand til å kjøpe den største jordeigedomen i Nord-Gudbrandsdalen, Tofte i Dovre, til den andre sonen sin, og sikre seg sjølv seter med romslege utmarksrettar i annekset. Pål Tolstad vart løytnant og sjølveigar på Tolstad, og sidan lensmann i ein mannsalder. Både som bygselmann under kongens nederlandske kreditor Gabriel Marselis og sidan som sjølveigande bonde var tolstadmannen mann for å halde ei open line til fleire nivå i embetsverket. Med relasjonar i ulike samfunnslag kunne han sagt med feltteoretisk terminologi seiast å rå over rikeleg med sosial eller symbolsk kapital. I ulike samanhengar kunne han fungere både med eigne ekspansive interesser, og som ein mellommann i forholdet

⁷⁸ Ibid, fol. 119a.

⁷⁹ ”Lensmannsrekkja i Vågå”, *op. cit.*, s. 165f.

mellom bøndene og embetsverket. Det skal vi etter kvart sjå døme på i spørsmål som galdt ressursar i utmarka.

I 1661 vart Tolstad som ein av fleire gardar i Vågå prestegjeld pantsett av kongen til forretningshuset Gabriel Marselis i Amsterdam.⁸⁰ For dei leveringspliktige steinane skulle forpaktaren ha ein fast sum i betaling. I Gabriel Marselis si tid dreia det seg om 24 riksdalar per stein.⁸¹ På den måten vart forpaktaren på Tolstad ein velhalden mann, og ein krumtapp i bygda på eit livsviktig område: Herredømet over kvernsteinen som skulle til for maling av mjøl til graut og brød. Bondekapeinen Hans Pålsson Tolstad fekk bygselbrev på Tolstad i 1651, og sonen Pål (1652-1739) kjøpte garden av Johan Marselis i 1685.⁸² Gjennom ekteskap var Hans Tolstad god for 20 huder, av desse var ti i Vågå. Tolstad med kvernberget representerte 7 huder, Tofte i Dovre 7 huder, 4 skinn. Fiskevatnet Ingulsjøen i Vågå hovudsokn hadde bondekapeinen bygsla av futen i Gudbrandsdalen i 1668.

Særleg i tida kring gardkjøpet kjende løytnanten på Tolstad trong etter å aksle seg. Ikkje minst kvernberget og rettar som sambygdingane hevda der, kunne føre til episodar. Militær æreskodeks og tilhøyrande handlemåte var demonstrativ. I samband med gildet på Søre Sunde såg vi korleis majoren Ole Brun var rask til å gripe etter kårda når usemje med prestane kom til overflata. Den tidlegare løytnanten Pål Tolstad var ikkje snauare. Etter gudstenesta ein messesøndag i Sel gjekk han laus på sambygdingen Ole Veggum og gav han to sår med kårda, eitt på nakken, og eitt på den eine aksla. Påskotet var ei skuldning for ærekrenking mot ein tredje person, men på Veggum var dei elles i ferd med å opne eit kvernberg som kunne bli ein konkurrent.⁸³ Ole Veggum var like frisk etter klammeriet, men hadde fått skadar som han ”iche kand schule med haar eller Kleder”.⁸⁴ Liksom i saka frå Søre Sunde ser vi at skadar som ikkje kunne døljust med kleda eller håret, var særleg sensitive når forholdet kom opp til doms. Pål Tolstad tok straks på seg ansvaret for åtaket, og godtok ei streng bot. Med omgrepet lånt frå Erling Sandmo kan vi seia at han med opne augo hadde kryssa grensa for eit artikulasjonsfelt reservert for staten og domstolane.

Ærelaus mann ville ikkje Pål Tolstad vera. Under det same tingmøtet gjekk han sjølv til sak for ærekrenking mot grannen Laurits Bolstad, vågåpresten sin leigending. At tre sår i nasen til Laurits Bolstad, eitt på oversida og to på undersida, ikkje var resultatet av biting, men spor etter slag med kjepp, var han villig til å sverja på med handa på lovboka.⁸⁵ Presten Henning Munch, som hadde late kalle inn fleire vitne i saka, var likevel imot at det skulle sverjast eid. Det ville dra meir med seg, og kunne gå verre utover leigendingen hans enn det som godt var. Som jorddrott og patron, stilte presten opp for klienten sin

⁸⁰ RA. KA. Maskinskrive avskrift i NHKI. Oppland, innlevert av Ingeborg Berge, Vågå; for ei nærare behandling av emnet, sjå Teigum 2011, “Tolstadkvernberget – frå kongeleg pant i Amsterdam til bondegofs i Vågå”, *Heimen*, nr. 1.

⁸¹ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 9 (1673), fol. 44b ff; RA. Statthaldararkivet, D XI, pk. 7, Jacob Knudsen.

⁸² Thomle 1927, s. 115ff.

⁸³ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 21 (1685), fol. 18b-19b; RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B III a 3, nr. 661.

⁸⁴ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 22 (1686), fol. 35a.

⁸⁵ *Ibid.*, fol. 30a-33a.

Kanskje var bonden på Tolstad i ferd med å bli i mektigaste laget for medlemmer av den lokale embetsstanden. Kaptein Casper von Brünech hadde lånt bonden på garden Rottem i Vågå 200 riksdalar for ein periode på åtte år. Avtala var at dei skulle drive halve garden kvar.⁸⁶ Bonden tenkte nok på hjelp han kunne oppnå for fri hogging i Tolstadkvernberget.⁸⁷ Kapteinen engasjerte seg straks i saka, og meinte å kunne føre prov for at Rottem mann etter annan hadde ”nødt fuldt og brugt effter sin Andeel” i uminnelig tid.⁸⁸ Pål Tolstad for sin del hadde inga tru på dokumenta til rottensbonden, og kalla dokumentasjonen dei viste til for falske ”skielms brefue”.⁸⁹ Under ei nærståande reise til København truga kapteinen med å leggje saka fram for kongen slik at kvernberget vart stengt og kunne nyttast ”ey af nogen, enten af Tolstadz besiddere eller af andre hugge eller bruge”.⁹⁰ Når han kom attende til Vågå, ville han forfølgje saka rettsleg. Slik Pål Tolstad hadde ”schaldtet og valted, och forsperet Andre sin Ret” i kvernberget, skulle det bli slutt på. Dette var i 1691. I 1699 var kontrakttida med Rottensbonden ute, og kapteinen på veg attende til Danmark visstnok med ei anklage om drap hengjande over hovudet. Pål Tolstad sat trygt på rettane sine.

Pål Tolstad og refjellsaka, eit døme på ekspansjon i utmarka

Hans Tolstad hadde fått lagt seg ut seter under Refjellet i annekset Heidal og hevda rett til fiske og trevyrke i området. Bondekapteinen og forpaktaren til Marselis på Tolstad stod seg godt med futen i Gudbrandsdalen på 1670-talet. Løyvet var ei ulovleg kryssing av soknegrensene, og Pål Tolstad som sjølveigande bonde, måtte forsvara ekspansjonen til faren mot allmugen i grannesoknet og mot den neste futen. Til det fekk bonden i Vågå for ei stund hjelp av amtmanden i Akershus.

I eit brev til stiftamtmanden i Akershus om det ekstensive jordbruket i Gudbrandsdalen skreiv sorenskrivaren Henrik Schmidt i 1719: ”Liggeleedes hafver en hver gaard sin Setter Langt til Fields, hvor di kand hafve Enge Løcher, og hellers kand en deel hafve slotter mange miller hen J fieldet, for de fleste gaarder hafver en ringe Høe aufling hiemmelig, mens maa tage den meste vnderholdning J Fielderne til sinne Chreaturers ophold”.⁹¹ Sorenskrivaren skildrar her ei utvikling som hadde skote fart mot slutten av 1600-talet. Mange gardar i Vågå hadde sikra seg rettar til seter og fiske, og etter eit statleg påbod tidleg på 1680-talet, hadde desse rettane vorte registrerte med tanke på skattlegging.⁹²

Den 7. august 1694 møttest bygdetinget i Vågå til synfaring i Tolstadsetra nedunder Refjellet.⁹³ Setrene som gardane Tolstad og Øvre Bjørnstad i hovudsoknet hadde sett seg opp, låg ikkje langt unna grensa mot Skåbu i Fron prestegjeld. For å koma dit, måtte dei passere

⁸⁶ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B III, a 9, nr. 125 og 302; B II 6, nr. 323.

⁸⁷ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 22 (1686), fol. 35b-36b; også RA. Statthaldararkivet, B II 6, nr. 323.

⁸⁸ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B III a 9, nr. 68.

⁸⁹ Ibid., B II 6, nr. 323; RA. Danske kanselli, Gudbrandsdalen, 20.03.1703.

⁹⁰ Ibid., B III a 9, nr. 68.

⁹¹ RA. Akershus stiftamt, brev frå sorenskrivarane, Gudbrandsdalen 1719.

⁹² SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 23 (1686) fol. 10a, 28b-29b, 75b.

⁹³ Ibid., 23 (1694), fol. 10b ff, og 24b ff.

grendene øvst i annekset Heidal, fiskevatnet Meringsdalen, og vidare fleire mil innover i allmenningskogane. På vegner av bøndene i bygda hadde to mann frå Øvre Heidal stevnt Pål Tolstad og Syver Bjørnstad til tings. Påstanden var at dei setra ulovleg i heidølane si allmenning, og at dei like eins flekte never og bork utan løyve i skogen deira.

Løyvet som seterbola var tufta på, var gjeve av futen Christen Hansen i 1672.⁹⁴ Bakgrunnen var ei klage mot grannane i Vågå frå Hans Tolstad og Syver Bjørnstad over dårlege setrer og lite beiteområde der dei heldt til kring Tolstadåsen. Ja, ved eitt høve hadde Hans Tolstad også nytta bjørneplaga på Tolstadåsen som argument.⁹⁵ Dermed fekk dei bae utvist setrer under Refjellet i Heidal anneks der dei påstod at det ingen var frå før som kunne bli trengde unna. Vilkårer frå futen på 1670-talet var at løyvet likevel ikkje skulle bli nokon til fortrengsel. Tolstad si verksemd i området var nok av eldre dato, og er nemnd i matrikkelen frå 1668 som ei av fire setrer under Tolstad. Det var også slik at bestefar til Pål Tolstad visstnok hadde hatt ei åfløy ved Meringsdalsvatnet i Heidal i si tid.

Det drygde før heidølane tok til motmæle. I 1686 gjekk det ein supplikk frå Pål Tolstad og ein Hans Kleivrud til Gyldenløve, som nå heldt til i Slesvig. Bakgrunnen var påbodet frå styresmaktene om at alle fiskevatn og engsletter i kongens allmenningar i Norge skulle takast i bruk. I bønaskrivet gjer Pål Tolstad merksam på 7 fiskevatn i Refjellet i Vågå prestegjeld, og dessutan vatnet Meringsdalen, ”som heller icke nogen tiid er nogen rigtighed gifuen”.⁹⁶ Han gjer framlegg om skyldsatsar for Buvatnet i Refjellet og for Meringsdalen, og ber om at dei skal bli liggjande under Vågå sokn slik det har vore, og slik det går fram av gamle brev. Gyldenløve svara med å vise til visestathaldaren i Norge, som så ba futen i Gudbrandsdalen om å gje ei utgreiing om saka.

Den nye futen i Gudbrandsdalen heitte Cort Coldevin. Utgreiinga hans sette fokus på forholda for heidølane mot inntrengjarane frå hovudsoknet.⁹⁷ Om Meringsdalen skriv han at vatnet ikkje har vore skyldsett, men at heidølane i alle fall har sett seg opp fiskebuer der.⁹⁸ Gamle pergamentbrev som Pål Tolstad viser til, og som gjev bøndene i hovudsoknet halv rett til fisket, blir dregne i tvil, og av motparten i Heidal blir dei nemnde som benkebrev.⁹⁹ Buvatnet, som Pål Tolstad kallar det, blir av heidølane kalla Refjellvatnet. Det er det største av 6-7 vatn der som ikkje har vore skyldsette. Men det som heidølane kallar Refjellvatnet, hadde dei fått skrive inn i jordeboka for fire år sidan, og denne sommaren i møte med sorenskrivaren vart det klart at heidølane og tolstadmannen meinte det same vatnet. Buvatnet og det største av dei sju Refjellsvatna var eitt og det same.

⁹⁴ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B III a 10, 14. august og 6. september 1693.

⁹⁵ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 23 (1694), fol. 25a.

⁹⁶ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B III a 3, nr. 439.

⁹⁷ Ibid., B III a 4, nr. 1040.

⁹⁸ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 22 (1685), fol. 20b, Steinar Spakrud frå Vågå hadde bygsla eit bruk ved Meringsdalvatnet som han selde til Einar Holen frå Heidal i 1685.

⁹⁹ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B III a 4, nr. 956.

Under møtet i Tolstadsetra i 1694 var kravet framsett av heidølane at Pål Tolstad og Syver Bjørnstad skulle frådømast setrene sine i annekssoknet.¹⁰⁰ Pål Tolstad på si side la fram løyvesetelen sin frå 1672. Til å vitne om hevdvunne rettar frå Meringsdalen mot Refjellet hadde han mobilisert 13 bønder frå hovudsoknet. Av dei møtte ti. Fleire av desse vitna hadde berre andrehands kjennskap til flekking av never og bork på Murudalen dei par siste mannsaldrane. Ein hadde høyrte om åfløya som bestefar til Pål Tolstad hadde ved Meringsdalsvatnet. Fleire hadde vore i Tolstadsetra og meinte at dei ikkje hadde høyrte eit vondt ord frå heidølane.

Sorenskrivaren, som nå var Henrik Schmidt, såg at i saka stod to omsyn imot kvarandre. På den eine sida heitte det i Christian 5.s norske lov at kvar og ein skal gjera seg seterbol i allmenninga som vil sitja der om sommaren.¹⁰¹ Det galdt allmenning innan vedkomande sokn. På den andre sida galdt prinsippet om rett ”til hand og hævde” etter tjue år ”saa vel paa Brug som paa Ejendom”. Til å vera med på å avgjera saka mellom heidølane og dei to bøndene frå hovudsoknet vart det innkalla lagrette frå Skåbu og Kvikne i Fron.¹⁰² Ein endeleg dom vart avsagd etter jul 1695. For det første skulle Pål Tolstad og Syver Bjørnstad heretter som før behalde setrene sine nedunder Refjellet.¹⁰³ Dei skulle ha rett til flekking av never og bork til husbruk innanfor ein viss avstand til setra, og utanom det skulle dei ikkje leggje seg i vegen for heidølar som ønskte å flytte setrene sine. Med omsyn til fisket i Refjellet skulle alle med fiskerett ta bort sløene, den ståande fiskereiskapen, i bekkane kring vatna. Fisket skulle gå føre seg med garn frå båt.

Den mektige forpaktaren på Tolstad hadde hatt langsiktige mål i allmenninga i annekset. Lange avstandar ser ikkje ut til å ha vore rekna for ei avgjerande hindring. Mange av dei andre gamle gardane i Vågå hadde seter og utmarksrettar i Sjudalen, seks-sju mil frå bygda. Til regionale og sentrale styresmakter ser Hans og Pål Tolstad ut til å ha hatt eit forhold som kunne kallast forretningsmessig. Med støtte i gamle brev hadde dei fiska i Meringsdalsvatnet, ei form for dokumentasjon som visestathaldaren ikkje ville ta omsyn til midt på 1680-talet. Under striden om dette kunne kongens fremste representant gje ilt ifrå seg over dei gamle breva kringom i landet som freista folk til klagemål og rettssaker i strid med nyare lover og kongelege forordningar.¹⁰⁴ Seterretten i annekset si allmenning hadde Hans Tolstad på den andre sida fått godkjent av futen tidleg på 1670-talet utan omsyn til allmugeinteressene i Heidal. I spørsmålet om Buvatnet eller Refjellvatnet vart tolstadmannen nøydd til å byte strategi. Etter omgangar med supplikkar, mekling og påbod frå den nye futen Cort Coldevin, prøvde han seg overfor bygdetinget med å la leiglendingen sin, Jon Ekre i Heidal, få kjøpe

¹⁰⁰ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 23, fol. 25b ff.

¹⁰¹ *Christian V.s norske lov*, 3. bok. 12 kapittel, artikkel 1-2, sjå <http://www.nb.no/utlevering/nb/b26bf6b46510815d0389115fa02d92cb#&struct=DIV146>: 04.04.2011, også 5. bok, 5 kapittel, artikkel 3-4, sjå <http://www.nb.no/utlevering/nb/b26bf6b46510815d0389115fa02d92cb#&struct=DIV208>: 04.04.2011.

¹⁰² SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 24, fol. 24b.

¹⁰³ *Ibid.*, nr. 25, fol. 3b-4b.

¹⁰⁴ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B III a 4, nr. 956.

garden han brukte mot at han sjølv fekk leiglendingsbruket Ekre sin allmenningsrett i fiskevatnet.¹⁰⁵

Ikkje berre med futen på 1670-talet, men også med amtmannen Ove Lange stod tolstadmannen på god fot. Ein supplikk til visestathaldaren frå 15 bønder i Heidal vart send hausten 1692. Året før, etter at skattetinget var avvikla og skattar og avgifter var utgreidde, hadde det kome innkalling frå sjølvaste amtmannen der bøndene i Heidal vart pålagde å møte til eit ekstrating i Vågå. Tidspunktet var særskilt uheldig for allmugen ettersom amtmannen hadde lagt møtet til mikkelsmess da dei fleste fór til Romsdalsmarknaden. Derfor kunne berre to mann møte og representere heidølane. På ekstratinget kravde amtmannen at bøndene i Heidal skulle betale bygselavgift for engsletter dei hadde dyrka opp i allmenninga. Dessutan skulle kvar av dei betale ei ny bygselavgift på ein riksdalar for bruk av ein del fiskevatn, og i tillegg ein ort i årleg avgift. I anna fall ville fiskeretten bli bortfesta til andre. Etter ekstratinget vart kravet om betaling framlagt på det ordinære tinget med påstand om at det var godkjent av dei to heidølane som hadde vore til stades, noko som dei frammøtte protesterte imot på det sterkaste.¹⁰⁶

Vedlagt supplikken hausten 1692 kunne dei 15 heidølane vise til domane som gav dei rett til fisket mot ei avgift som for lengst var fastsett. Dei protesterte også mot det lovstridige kravet om bygsel på engsletter i allmenninga som ikkje var ilagde landskyld. Og dei let det tydeleg skine igjennom at dei kjende til ovundsmenn som var ute etter rettane deira. Pål Tolstad hadde fått amtmannen til å skrive under på ein bygselsetel til seg på fiskevatna som bøndene i annekset hevda retten til. I svaret frå statthaldaren hausten 1692 fekk heidølane medhald i denne saka. I mellomtida var amtmannen Ove Lange død. Det var utan risiko at futen på tinget i Vågå i 1694 kritiserte vedtak gjorde av ein tidlegare overordna. Det skulle elles ikkje gå lang tid etter det endelege forliket før striden blussa opp på nytt om setringa og fisket mellom storbonden på Tolstad og medlemmer av allmugen i Heidal. Da var Vågå prestegjeld inne i ein periode på fleire tiår med tolstadbonden som bondelensmann.

Bondelensmann og lagrette

I ein artikkel om telemarkbønderenes forhold til stat, eigeidom, kyrkje og helvete i mellomalderen peikar Lars Ivar Hansen mellom anna på ombod som lagrettemann og bondelensmann som del av den sosiale eller symbolske kapitalen i bygdekollektivet.¹⁰⁷ Ein kan spørja om lensmenn og lagrette representerte ein breiare del av allmugen eller berre ein snever elite av bygdekaksar?¹⁰⁸ I bygdeboka for Vågå og Sel viser eg til talet på bønder som tok del i valet på utsendingar til fem kongehyllingar i perioden 1591-1661. Desse kom frå

¹⁰⁵ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, nr. 24, fol. 12a-b.

¹⁰⁶ RA. Statthaldararkivet, supp. og res. protokoll, B III a 9, nr. 496.

¹⁰⁷ Hansen 2010, s. 154.

¹⁰⁸ Med utgangspunkt i Lom på 1400-talet med nokre få hundre innbyggjarar har Vegard Aukrust skrive ei hovudoppgåve i historie om lagrettemenn. I fjellbygda med eit hovudsokn og eitt anneks finn han 61 personar i ombodet som lagrettemenn. Dei fleste kom frå gardar i stutt avstand frå hovudkyrkja, ein kom frå grannelaget til annekskyrkja. Utan å ha talt tilgangen på diplom i tiårsbolkar utetter i hundreåret, reknar vi oss fram til at i åra 1421-40 var i alle fall så mange som 25 mann aktive i funksjonen som lagrettemenn av dei 61 nemnde frå heile hundreåret. For ein stor del galdt det personar i diplom frå fleire tiår med private og offentlege transaksjonar.

10 % av gardsbruka i skattelistene ved det siste hyllingsmøtet, gardar i dei beste bygdelaga i hovudsoknet.¹⁰⁹ Ein ser lett konturane av ein lokal elite. Ser vi på lagretta i tiåra kring 1700, legg vi merke til at i større saker kunne lagrette frå andre bygdelag i soknet eller til og med frå grannesoknet bli innkalla for å overhøyre vitnemål og dom. Lensmennene i Vågå i perioden 1578-1698 kom derimot alle frå sentrale gardar i hovudsoknet, og sat i gjennomsnitt i fem år i ombodet. Lengste funksjonstida før Pål Tolstad hadde Tosten Knutson Kleppe med 18 år i 1667-85.¹¹⁰ Etter Tosten Kleppe følgde sonen Ivar i ombodet. Med Pål Tolstad og Ivar Kleppe som hovudaktørar skal vi nå sjå døme på korleis bondeeliten, som lensmannen var rekruttert frå, var i stand til å manøvrere i posisjonen mellom embetsverk og allmuge.

Ved overgangen til eit nytt hundreår hadde bonden på Tolstad nådd ei konsolidering med omsyn til eigedom og rettar. Han åtte garden han budde på og den største skogeigedomen i Nord-Gudbrandsdalen i ei tid da tømmer frå distriktet var i ferd med å bli ein økonomisk ressurs. Han åtte kvernberget på Lalm, og hadde i fleire omgangar fått stadfesta rettane sine i forhold til sambygdingane. Setra og fiskeretten i annekset Heidal var avklåra. For lensmannen på Tolstad kunne det sidan bli aktuelt å fremje allmugen sine rettar mot initiativ frå andre einskildpersonar. For femte gong på 125 år var tolstadmannen oppnemnd som bondelensmann i Vågå i 1699. Ein gong til møter vi Pål Tolstad i mellomposisjonen mellom allmuge og embetsmenn, denne gongen i ei sak om bruksrettane i fiskevatnet Flatningen.

Allmugerettar, fiskevatnet Flatningen

I Vågå stod einast eitt fiskevatn i fjellet mellom Ottadalen og Valdres i ei særstilling. Det vatnet åtte garden Søre Sandbu etter eit kongebrev utferda av kong Sverre, sist fornya den 6. mars 1700.¹¹¹ Fleire andre vatn hadde kome på private hender under 1600-talet. Mellom desse gardane var Tolstad og Kleppe. Desse to gardane ligg på kvar si side av Ottadalføret. Frå Kleppe ser ein Tolstad breie seg midt imot over eit mindre dalføre og ei fløyme i elva, frå Tolstad ser ein gardstunet på Kleppe mot himmelranda på den andre sida. Rett over åsen bak Kleppe ligg fiskevatnet Flatningen. I sørhellinga mot vatnet låg fleire seterstular der mellom andre både prestegarden og skrivargarden Sunde hadde seter. Elles gjekk vegen til allmenningsskogen og seterstulane i Sjudalen der forbi.

Kring Flatningen var interessene fleire og motstridande: Ein lensmann som stelte seg i spissen for allmugen, ein tidlegare lensmann som representerte egne interesser, presten og sorenskrivaren. I ei sak om rett til fisket stod Pål Tolstad denne gongen fram som allmugens mann, ikkje mot embetsmennene, men mot forgjengaren i lensmannsombodet. Vågåpresten og sorenskrivaren, som eigarar av dei to gardane Søre og Nordre Sunde, hadde hevd på fisket i vestenden av vatnet. Bygsel på eit sagbruk og fisket i austenden av vatnet var innvilga etter søknad frå major Ole Brun og den daverande bondelensmannen Tosten Kleppe.¹¹² I 1685 kjøpte Tosten Kleppe, som framleis var lensmann i Vågå, Ole Brun sin tidlegare part av

¹⁰⁹ Teigum 2004, s. 19.

¹¹⁰ "Lensmannsrekkja i Vågå, *op. cit.*, s. 165f.

¹¹¹ RA. Danske kanselli, Gudbrandsdalen.

¹¹² RA. Futerekneskap Gudbrandsdalen 1671.

assessoren og godseigaren Anders Simensen, og gav alt vidare til sønene sine, Ivar og Tjøstolv.¹¹³ Ivar Kleppe tok samstundes over ombodet som lensmann i Vågå.

Slik låg det til med Flatningen i 20 år. Da gjekk Pål Tolstad til aksjon, nå som lensmann, saman med fem andre representantar for allmugen, av dei ein tidlegare lensmann. Dei oppsøkte Ivar Kleppe heime, og fekk han til å gje ifrå seg retten til heile den austre delen av Flatningen for 100 riksdalar.¹¹⁴ Ivar Kleppe på si side klaga sidan på vegner av seg sjølv og bror sin over åtak frå ”avindsmænd og efterstræbere” ved dette høvet.¹¹⁵

Saka på tinget vart førd av sorenskrivaren i Sør-Gudbrandsdalen. Henrik Schmidt kunne ha føremøn av at allmugen fekk kjøpe den austre delen av Flatningen. Som innanbygdsbuande ville han da i prinsippet få fritt fiske på heile vatnet saman med dei andre.¹¹⁶ Ved eit tidlegare høve som lensmann hadde Ivar Kleppe fare fram ureglementert i forhold til saksgang og utfylling av dokument, og hadde gjort seg til uvenns med sorenskrivaren på Sunde. Også denne gongen skreiv han sjølv skøytet til allmugen på Flatningen, og enda ein gong på ugyldig papir.¹¹⁷ Sjølv om han sidan hevda at det berre dreia seg om eit utkast, visste motparten å nytte dette formelle spørsmålet imot han under behandlinga på tinget innunder jul i 1705.¹¹⁸ Med det tapte han heile salssummen på 100 riksdalar i bot på grunn av slurvet med dokumentbruken, og i tillegg 12 riksdalar til motparten for kost og tæring. Etter klage til statthaldaren vart han einast vist til ein høgare rett.

Var spørsmålet om fisket på Flatningen ein aksjon sett i gang av ovundsmenn og etterstrevarar slik Ivar Kleppe hevda, eller synte Pål Tolstad som lensmann eit reelt ansvar for interessene til allmugen? Med hjelp frå futen har vi sett at far hans skaffa seg seter og fiske i annekset i strid med lova og allmugens interesser i Heidal. Nå var Pål Tolstad lensmann, og hadde fått med seg forgjengaren sin i ombodet og fire lagrettemenn, og stod saman med dei som representantar for interessene til allmugen i hovudsoknet. Som tapande part meinte Ivar Kleppe han var truga til å gje ifrå seg Flatningen. I skøytet som vart dømt ugyldig, hadde han freista få inn ein klausul om arverett for barna sine.

Saka mellom Ivar Kleppe og Vågå allmuge vart førebels avslutta med ein lagtingsdom i 1726. Men framleis representerte forholdet til eigarane i vestenden av vatnet ei utfordring. I 1729 sat Pål Tolstad framleis i ombodet som lensmann. Ivar Kleppe var død, men broren samla tingallmugen omkring seg, og skulda tolstadmennen for å vera den som selde retten til vestenden av Flatningen til presten og skrivaren.¹¹⁹ Denne påstanden vart vist attende både med vitneprov og med innhaldet i eldre skattelister. Elles var ikkje det delte fisket utsett for

¹¹³ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdal, 21 (1685), nr. fol. 6b.

¹¹⁴ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.prprotokoll, B II, 6, nr. 422.

¹¹⁵ Ibid., B II, 7, nr. 16.

¹¹⁶ Ibid., B II, 6, nr. 422.

¹¹⁷ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II 5, nr. 68; SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok 25 (1705) Sør-Gudbrandsdalen, fol. 68a-71a.

¹¹⁸ RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II, 7, nr. 16.

¹¹⁹ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Gudbrandsdalen, nr. 11 (1727-29), fol. 397a-402a, 410b-411a.

provokasjonar. Medan Henrik Schmidt levde, hadde ein allmugemann sett seg opp buer i vestenden utan at sorenskrivaren tok det ille opp, berre han ikkje gav seg til å fiske der. Både for presten og skrivaren hadde fleire bygdekarar forpakta enden deira av Flatningen mot ei avgift lik ei halv tønne fisk i året. Meir påfallande var det kanskje at Pål Tolstad også hadde vore utpå med garn innanfor einemerka til sorenskrivaren. Dette var nok i forståing med Henrik Schmidt, for på spørsmål hadde sorenskrivaren den gongen svara at saka ikkje kom andre ved.¹²⁰ Men i bygdeaugo hadde lensmannen med dette kome embetsmakta såpass nær at eit fleirtal meinte dei kunne bruke det imot han.

Lensmennene stod i ei særstilling. Både med egne interesser og på vegner av allmugen har vi sett kor sjølvstendig ein posisjon Pål Tolstad hadde som lensmann, storbonde og som eigar av Tolstadkvernberget. Like eins var det med lensmennene frå Kleppe nokre år tidlegare. Mot embetsmennene kunne dei forhandle og manipulere seg fram. Dei kjende lover og smutthol, og kunne nytte dei både til eigen føremon, og til beste for sambygdingane – og i ein vedvarande maktkamp seg imellom. Med allmugerettane sikra i Flatningen var det likevel ikkje aktuelt å ta opp kampen mot presten og sorenskrivaren, og det sjølv om særrettane dei hevda i vestenden av Flatningen låg til gardar dei åtte og ikkje til embeta deira. I så måte var den sosiale posisjonen deira grunnfest om ikkje heimla i lov slik vi såg presten Dop sin rett i forhold til leiglendingane under prestegarden.

Kvinnene, ein ressurs av mindre verd

Frå mellomalderen rådde det synet på kvinna at ho var mindre tilrekneleg og ansvarsfull enn mannen. Eit utslag var prinsippet om halv arv til døtrer. Med lutherdomen følgde ei sterkare oppfatning om eit særleg samband mellom kvinner, seksualitet og sedløyse. Frå tidleg på 1600-talet var lovgjevinga merkt av dette synet. I tingbøkene finn vi dei såkalla leiermålssakene som ein eigen kategori, og da vart den kvinnelege parten gjerne omtala som “et qvindfolch” eller enda meir nedvurderande, “et omløbende qvindfolch”. Etter fødsjar måtte kvinnene førast inn att i kyrkjelyden med ein seremoni på grunn av sin syndige kropp. Men sjølv for kyrkja var det ikkje til å koma forbi at også Guds son hadde ei mor. I gravtala over bondekona Barbro Bjølstad i Heidal anneks halden av soknepresten møter vi omrisset av ein slik madonnafigur.

Sjølv med ei lågare verdsetjing både i åndeleg, materiell og evnemessig forstand, var kvinnene likevel omfatta av det grunnleggjande æresomgrepet. I det siste tiåret av 1600-talet fekk bondekona Gollaug Stokstad si ære krenkt som tidlegare matmor etter skuldingar om utøving av trollkunster frå ei misnøgd budeie. Heller ikkje fleire handgripelege basketak med mannfolk røynte på omdømet hennar. Med sin embetsmannsbakgrunn skal vi dernest gjera oss kjende med Anne Glostrup, prestedotter, to gonger prestekone, og svigermor til ein prest.

¹²⁰ Ibid., fol. 399b.

Kvinneres omdøme, skam og ære

Kva anna var allmugekvinnene enn mødrer til menneses søner og slekta si framtid? Ei rik enkje kunne tinge seg gravtale og med det eit autorisert ettermæle av presten. På 1690-talet var tida for trolldomsprosessar på det næraste omme blant embetsmennene. Ei ukunnig tenestejente risikerte å bli jaga frå bygda for slike skuldingar mot ei matmor. Vi skal observere eit skilje mellom prest og allmuge i synet på ei kvinne sine handlingar i perioden vår. Det galdt retten til ein kvilestad på kyrkjegarden i strid med styresmaktene sin rigide disiplineringspolitikkk på det moralske og religiøse området.

Frå 1696 har vi manuskriptet til ei gravtale som var halden over ei avdød kone i Øvre Heidal. Som dotter, kone, mor og søster representerte ho alt det beste som soknepresten kunne koma på å trekkje fram. Dette var ei av dei siste embetsgjerningane til vågåpresten Henning Munch. Tidspunktet var sist i mai 1696, den døde vart 51 år gamal. Barbro Amundsdotter kom frå Sandbu i Vågå. Ho var av ein berømmeleg adeleg familie, nemleg gjæslingane, minte presten gravølshopen om.¹²¹ Til ho var tjueto, hadde Barbro som ei skikkeleg og lydig dotter, budd heime med foreldra. Da hadde ho under eit Guds forsyn og etter samråd og samtykke frå foreldre og venner kome i ekteskap med Tord Bjølstad. Saman hadde dei på tretten år avla fem barn, to gutar og tre jenter. Etter det levde Barbro som enkje. På den store og velstående garden hadde ho rådd einsleg dei siste seksten åra.

Gravtala over Barbro Amundsdotter Bjølstad gjev oss eit mønster vel så mykje som eit liv. Ei oppgåve for presten var å nøre oppunder den varmen som heitte ætt og autoritet. Dernest kom understrekinga av lydnaden mot foreldre og ektefelle, gudsfrykt og mildskap mot dei fattige og eit oppofrande liv. På denne tida gjekk ein av mange livstrugande epidemiar over bygdene. Den hadde ramma og snart lagt i grav bror til Barbro heime på Sandbu. Som den gode søster hadde Barbro fare til Vågå for å hjelpe bror sin. Dermed kom turen til henne. Men viss på sin Gud hadde ho lagt sin lagnad i Hans hender.

Gravtala passar godt inn i arbeidet som styresmaktene var i gang med for å disiplinere folket til lydige og respektable undersåttar. Som eit motstykke til madonnabildet var skam og forneding effektive verkemiddel. Eitt var offentleg skrifte framfor kyrkjelyden ein messesøndag. Eit anna var gapestokken utanfor kyrkjeporten. Der skulle dei stå til spott og spe som hadde forbrote seg mot dei strenge moralnormene som styresmaktene ønskte å innprente. Dette var uttrykk for ei skjerping mot utolelege avvik. Men det gjekk ei grense for kor langt allmugen var villig til å bøye seg før dei gjekk til aksjon.

Rønnaug Steinarsdotter var ei av dei mange som i embetsmannsspråket vart kalla eit laust kvinnfolk. I 1654 var Rønnaug død. Under klokking, og det utan å ha rådført seg med presten, tok fire framstående menn i hovudsoknet seg for med å gravleggje ho på kyrkjegarden og å ringje med kyrkjeklokka.¹²² Det var fullgardsmennene Ivar Sandbu, Lars og Tor Øy og Hans Sve. Lars Øy var bondelensmann få år etter, dei andre var lagrettemenn.

¹²¹ RA. KA. NHKI. Oppland, avskrift av dokument frå Bjølstad i Heidal innlevert av Ragnhild Tofte Holstad, Heidal, 1696.

¹²² RA. Akershus lensrekneskap, 221:3, 1654-55.

For udåden fekk dei bøte femti riksdalar. Hendinga er utførleg nemnd i eit vedlegg til futerekneskapen. Bakgrunnen var ei farskapssak. Søster til Rønnaug var ugift og hadde vorte gravid. Og Rønnaug hadde vedgått at ho også hadde vore i hop med den same mannen. Etter lov og bokstav var dette både hor og blodskam. Enklare for søstrene var det ikkje at den påståtte barnefaren vart frikjend under rettssaka. Dermed hadde dei også gjort seg skuldige i falsk forklaring. Skulle ei slik kvinne, utan skrifte og syndsforlating, kunne få plass på kyrkjegarden? Og kva med autoriteten til presten i samband med gravferda?

I augo til styresmaktene var det tale om alvorlege brotsverk. Kva som var bygdefolket sin versjon av den same saka, eller kva tankar dei gjorde seg om Rønnaug reint personleg, kjem ikkje fram. Det går heller ikkje tydeleg fram kva som var den mest straffbare handlinga til representantane for bondeeliten i Vågå ved dette høvet. Var det gravlegginga i vigsla jord av ei syndig kvinne? Eller var det at dei hadde nytta kyrkjeklokkene utan å spørja presten om løyve? For oss er det nærliggjande å sjå på handlemåten til dei framståande tingbøndene som ein protestaksjon mot ein straffereaksjon dei nekta å godta. Om Rønnaug veit vi ikkje anna enn at ho kanskje hadde skrønt på seg ein kjærast. Sikkert er det at bota bøndene fekk betale, var streng.

Gardkona Gollaug på Øvre Stokstad låg sjølv på setra om somrane. Grannegarden Austrem hadde ei budeie frå Romsdalen, ei Berit Knutsdotter Lotten. Ho hadde tent på Øvre Stokstad i fleire år tidlegare. Mellom dei to kvinnene var ikkje forholdet det beste, og hausten 1695 bar det ikkje likare til enn at mannen til Gollaug stemnde Berit for retten på tinget.¹²³ Grunnen var påstandar som ho hadde kome med av eit slag som i verste fall kunne ha sendt Gollaug på bålet som heks.

Året før skulle Gollaug ein dag ha teke i veg med ein hest. Da ho kom attende, bar ho tørr møk i forkleet, sanko i sju krøttertrøer. Under serken kom det til syne smørklumpar som ho sa var dregne ut av kinna til ei grannekone. Ein annan gong skulle Gollaug ha teke mold inn i selet, i selsgarden og i krøttertrøa frå tre setrer. Verknaden var at feet derifrå kom rennande. Mannen til Gollaug hadde truga Berit, som da var budeie hos dei, til å mjølke ei av kyrne i saltausa. Vitna stod på Gollaug si side. To grannar hadde høyrte at Berit la fram påstandane sine. Budeia på ei av setrene kom vel i hug at ho hadde hatt besøk av Gollaug den aktuelle dagen utan at noko mistenkjeleg hende. At Berit hadde vore truga da ho mjølka grannefeet nokre år tidlegare, kunne ho ikkje prove.

Nå var dette ikkje eigentleg ei trolldomssak. Etersom ho var reist av mannen til Gollaug Stokstad, var ho heller å sjå på som ein påstand om ærekrenking der saksøkjaren kunne kjenne seg rimeleg trygg på at budeia fór med lause påstandar.¹²⁴ For lagrette og fut måtte Berit vedstå seg alt ho hadde sagt, og prov for påstandane sine kunne ho ikkje leggje fram. Ingen drog i tvil Gollaug Stokstad sin heider. Etter godtfolks forbøn let Steinar Øvre Stokstad vera å reise tiltale mot Berit Knutsdotter. Ærelaus vart ho pålagd å dra attende til Romsdalen der ho kom ifrå før sommardagen i april året etter. Gollaug Stokstad var elles ei myndig

¹²³ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 24 (1695), fol. 28b-29a.

¹²⁴ Jfr. Sølvi Sogner sin definisjon av ærekrenking i forhold til trolldomssaker vist til hos Chan 2010, s. 51.

dame. Ved fleire høve møter vi henne der ho i sjølvforsvar og med uverje i hand går i rette med valdelege, mannlege slektingar.

Matriarkatet på Håkenstad

Anne Glostrup ligg det nær å sjå på som la grande dame i Vågå i den perioden vi studerer. Ho var fødd før 1650 og var som åttiåring i stand til å vitne i saka vi har behandla om fiskevatnet Flatningen i 1729. Far til Anne var Fredrik Glostrup, sokneprest i Vågå 1643-67, bestefaren var Nils Glostrup, dansk innvandrar og biskop i Oslo 1617-39. Den første ektemannen til Anne Glostrup var Eggert Stockfleth, sokneprest i Vågå 1667-81. Med det er vi inne i det største embetsdynastiet i Gudbrandsdalen på 1600-talet. Den andre ektemannen var Henning Munch. Under ein konflikt i ei verjemålssak med ein bonde i Heidal skal vi sjå korleis bae partar evna å gjera seg nytte av instansar i embetsverket for å nå måla sine.

Eggert Stockfleth (d. 1638) kom frå Haderslev på Sønder-Jylland i Danmark og slo seg ned som handelsmann på Bragernes.¹²⁵ Av sønene hans vart ein biskop i Christiania og ein annan rådmann same stad. To andre av brørne deira sat i futeembetet i Gudbrandsdalen i kvar sin periode. Ein soneson var sokneprest i Stange. Sonen hans att, Ole (1674-1727), var sokneprest i Gausdal, og sonesonen Nils var kapellan i Lesja frå 1723 og sokneprest same stad året etter og fram til 1745.¹²⁶ Cathrine Stockfleth, dotter til den danske handelsmannen på Bragernes, gifta seg med Christen Mogensen, fut i Gudbrandsdalen 1642-53. Saman hadde dei sonen Eggert. Eggert tok namnet til mora, fekk presteutdanning, og tente som kapellan hos soknepresten i Vågå der han møtte, og vart gift med, den lokale prestedottera Anne Glostrup.¹²⁷

Henning Munch vart kapellan hos Eggert Stockfleth i 1673 og sjølv sokneprest i kallet 1681-96. Faren, som var sokneprest i Lesja, kom frå garden Storhove i Fåberg og var i slekt med munkfolket på Blakar i Lom.¹²⁸ Vi har møtt herr Henning i fleire samanhengar. Det året han døydde, var det Anne Glostrup som tok imot vikaren magister Bent i prestegarden da han heldt den omtala skjærtorsdagmessa i Vågåkyrkja i 1696.

I Vågå åtte familien Stockfleth fleire gardpartar, mellom dei garden Håkenstad. Da presten Eggert Stockfleth var avliden i 1681, vart denne garden seld til enkja etter bygselmannen, og vart verande i bondeiege fram til 1696.¹²⁹ Da tok Else Catrine Stockfleth, dotter til Anne Glostrup, att Håkenstad på odel. Anne Glostrup busette seg etter dette på Håkenstad medan Else Catrine sjølv på denne tida gifta seg med bror til stefaren, presten Anders Munch.¹³⁰ På dei venta eit kall i Danmark som dei skjøtta fram til presteembetet i Vågå vart ledig etter

¹²⁵ Eyben 1929, s. 38.

¹²⁶ Kjelland 1996, s. 37.

¹²⁷ Eyben 1929, s. 38f.

¹²⁸ Kjelland 1996, s. 36.

¹²⁹ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete, Nord-Gudbrandsdal skifteprotokoll nr.2 (1673-88), 1682, den 18. februar.

¹³⁰ Eyben 1929, s. 120f.

Vilhelm Dop i 1722. Odelssaka vart finansiert med hjelp frå sorenskrivaren på Sunde. I 1698 tok Henrik Schmidt over sjølve egedomen og let presteenkja bu der på nåde inntil vidare.¹³¹

Med Henning Munch hadde Anne Glostrup sonen Eggert, som framleis var ukonfirmert da ho vart enkje, og etter at ho hadde flytta til Håkenstad. Til denne yngste sonen måtte ho ha verje, og da er vi vitne til at ho kastar augo sine på ein allmugemann, ein mann som vågar å setja seg imot eit slikt oppdrag.

Ole Pedersen Slette var ein velstående leiglending under krona i annekset Heidal. Forgiengarane hans på garden var av dei som ytte sølvån til kongen i 1630. Under verksperioden i Sel var bonden på Slette oppmann for vedleveransane frå bøndene i Heidal. Den 9. april 1699 fekk Ole Slette skikka i veg eit klageskriv til statthaldaren der han la fram ei sak som mest av alt likna eit komplott.¹³² Av prosten i Gudbrandsdalen hadde han vorte innkalla til prestegarden i Vågå. Med soknepresten og stiftskrivaren som vitne hadde han der fått referert eit pålegg frå futen at han var oppnemnd som verje for den umyndige sonen til Anne Glostrup. Dette vart lese opp for han frå protokollen. Ole Slette hadde for sin del ikkje vore med under skiftet etter Henning Munch. Dessutan hadde guten nære slektningar, både prestar og ein fut, og hadde reist saman med farbroren og halvsystema til kallet deira i Danmark.

Nå vart Anne Glostrup bodsend til prestegarden med skiftebrevet etter Henning Munch, og sidan bar det opp til Håkenstad med heile følgjet. Av arvedelen til sonen synte det seg at Anne Glostrup hadde gjort om i pengar verdiar for 40-50 riksdalar. Det som verja skulle forvalte, var fem hestar og ein del krøtter. Elles skriv han at han fekk “til mig slengt noget andet løsøre som er mesten forslet og intet tilforne Været paa schiftet, da det var holdet, og iche noget schriftlig derom forfattet eller mig tilstillet”. På Håkenstad hadde prosten forfatta ei godkjenning som Ole Slette vart pressa til å skrive under på.

Etter at han kom heim og hadde fått tenkt seg om, drog Ole Slette etter prosten til prestegarden i Fron, og sidan heilt til Øyer for å få sjå det skriftlege pålegget frå futen. Dette vart baa stader nekta han. Men hos futen Cort Coldevin fekk han støtte og medhald ettersom det fanst nære slektningar som kunne ta ansvaret for arven til den umyndige guten. I mellomtida hadde Anne Glostrup sendt til Slette “17 fæ af samme børne arf, at ieg Nu udi denne haarde foer tid, schulle forsørge da ieg for mine Egne Creaturs fremføsel,- er ilde faren”. Nå var det at han midt i vårknipa sende ein appell til statthaldaren. Derifrå fekk bonden frå Heidal full støtte med den grunngjevinga han hadde lagt fram: “Saa anbefalis, Kongens fogit at see, dertil, at supplicanten entlediges derfra, Saa gjør vel Prousten og de ved kommende den anordning med møndlingens arf, som de agter, self at til svare”.

Anne Glostrup var sjølv ille ute. Alle sine dagar hadde ho budd i Vågå prestegard med foreldre og etter tur to ektemenn. Nå var ho femti år gamal og måtte flytte til Håkenstad der

¹³¹ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok nr. 22 (1699) for Sør-Gudbrandsdalen, fol. 21b; sjå også OANV. A-0032 Ola Håkenstad, boks 1, nr.2.

¹³² RA. Statthaldararkivet, supp. og res.protokoll, B II 5, nr. 45.

ho budde på nåde frå sorenskrivaren. Presteenkjegarden Dale låg i Sel annekst tre mil unna. Sonen Christen som ho hadde frå det første ekteskapet, må framleis ha vore ung. Dottera Else Catrine hadde teke med seg den umyndige halvbroren Eggert Munch til Danmark. I denne situasjonen hadde Anne Glostrup gjort om i pengar og teke ut ein del av arven til guten, og hadde alliert seg med prosten om hjelp. Aktuelt vart det da å gå til krona sin mest velstående leiglending i annekset, ein mann kjend for eit godt omdøme. At han både var lesekyndig og handledyktig hadde presteenkja kanskje ikkje rekna med. Lik andre som vi har møtt, slik som skysskaren Ole Veggum i supplikken mot presten Dop, var han underdanig i dei obligatoriske formuleringane, men fast og sjølvbevisst i sjølve substansen.

Konklusjon

I innleiinga til prosjektsøknaden “Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder” poengterer Atle Døssland at embetsmennene som gruppe med sin danske eller tyske bakgrunn, skilde seg ut frå bygdeallmugen.¹³³ Det galdt oppseding og etter kvart utdanning. Materielt galdt det ikkje minst hus, inventar og kledrakt. Desse faktorane er likevel ikkje nok til å påstå at det fanst ei uniform embetsmannsgruppe med ein eintydig og separat kultur. Det fanst skilje mellom sivile og geistlege embetsmenn, og i enda høgare grad i høve til offiserane. Døssland peikar på utdanninga frå universitet og krigsskule som vart eit krav utover på 1700-talet. I materialet vårt frå Nord-Gudbrandsdalen sist på 1600-talet er ikkje desse føresetnadane så tydeleg til stades. Ikkje minst kunne embetsbustadane vera i ei miserabel forfatning.

Innleiingsvis peikte vi på kjeldeproblemet i tidleg nytid som går ut på at embetsmennene rådde over skriftspråket, og at maktspråket var fjernt frå allmugens språk. Under arbeidet med tingreferata og supplikkane har vi likevel sett at mange forhold kunne koma opp i dagen. Og fleire i det sjiktet som sat på lagrettebenken, var både lovkyndige og skriveføre. Sorenskrivaren var ansvarleg for å føre tingreferata, og supplikkane frå allmugen gjekk om hans bord. I saka om fiskevatnet Flatningen prøvde den skrivekyndige tidlegare lensmannen Ivar Kleppe å omgå Henrik Schmidt, som han var uvenner med. I den saka såg vi at allmugen gjekk i allianse med sorenskrivaren med omsyn til substansen, og visste å svekke motparten med påvising av formelle feil. Både lensmann og lågare embetsmann kunne utnytte kontaktar høgare opp i makthierarkiet. To generasjonar på Tolstad fekk først ein fut og sidan ein amtmann til å stille opp på si side i spørsmålet om setring i annekset. Men med samhald seg imellom, allianse med ein ny fut, og posisjonen til tinginstitusjonen, var heidølane i stand til å slå attende eit avgiftskrav som ville ha gjeve tolstadbonden bygselrett over store utmarksområde i annekset.

I Vågå hadde både Henrik Schmidt og stockflethfamilien sterke band til Danmark og til dei innanlandske statsorgana. På same tid hadde dei eit personleg fotfeste i fjellbygdene som andre og tredje generasjons innbyggjarar. Ein nær kjennskap til bygdesamfunnet og vilkåra

¹³³ “Kulturperspektiv”, <http://www.hivolda.no/shp-kultur>: 16.03.2011.

folket levde under var grunnlag for dei avgjerdene Henrik Schmidt gjorde seg til talsmann for både i saka med dei to bygselmennene under prestegarden, i oppfølginga av klagene mot tiendforpaktaren Herman Treschow, og i forsvaret av bøndene i Gudbrandsdalen under registreringssaka i 1718. Med det er det ikkje sagt at den parykkprydde rikingen trong vera eintydig populær der han fleire gonger i året kravde skyssteneste av leiglendingane sine i Lesja prestegjeld under inspeksjonsturane sine. Den gode patron som hjalp mange med kredittar i harde år mot at dei fødte opp uksane hans, kunne også vera den som kravde eksekusjon om det røynte på tilliten. Folkeminnesamlaren Ivar Kleiven kunne nytte opplysningane i skiftet etter Henrik Schmidt for å teikne bildet av ein populær forgrunnsfigur i samtida. I framstillinga vår har vi gått i motsett retning med å vise til at sorenskrivaren tvert imot skaffa seg eigen inngang og lukka stol i Vågåkyrkja.

Prestane i Vågå hadde synt eit romsleg sinnelag med omsyn til å la nybyggjarar få bryte opp plassar under prestegarden. Avgiftene dei kravde var ikkje andre enn dei som større bønder tok. Reaksjon og represaliar kom først ved brot på moralske prinsipp slik som i tilfellet med mor til Jakob i Kvea som tok ein ny mann i huset. Økonomisk førde det forholdet til krav om eit nytt bygselbrev. Det er likevel først i spørsmålet om jord at nykomlingen Vilhelm Dop bryt ut med påstanden om at rydningsmennene reduserte verdien av prestegodset. Der går han eit steg lenger i prinsipiell retning enn lomspresten magister Bent Friis der han for å sikre inntektene sine dreiv inn tienda frå bøndene i den øvre delen av Ottadalen med hogg og slag.

I sluttkommentaren under eit arbeidsseminar i Volda hausten 2010 streka Ståle Dyrvik under kor isolert og avmechtig ein einsleg embetsmann i eit stort sokn kunne bli, og kor stor makt bøndene kunne vise om dei sette seg på tverke.¹³⁴ I 1715 hadde Vilhelm Dop vore sokneprest i Vågå i 16 år. Mang ein gong i desse åra hadde han vore representert på tinget med krav og klagemål. Under tingmøtet den 15. september var presten for ein gongs skuld sjølv til stades og hadde innstevnt bonden Tjøstol Kleppe. Tjøstol hadde late ord falle om at presten var trettekjær, “præsten [er] en Mand som gierne vil vere J Trette”.¹³⁵ Dette tok presten ille opp og ville ha påstanden stadfesta av lagretta og ført inn i tingboka, “af Retten beschrefven”. Og det fekk han. Av alt vi har sett er det liten tvil om at Tjøstol hadde sagt det som alle tenkte om presten. Motsett Vilhelm Dop var magister Bent i Lom prest i kallet etter far sin, og var vel kjend med sambygdingane. Det kom han kanskje til hjelp da han som gamal og skrøpeleg vikarierte under skjærtorsdagmessa i Vågå i 1696. Men åtaket frå kapteinen i Det nord-gudbrandsdalske kompani som gav bønder i Lom eit høve til å rykkje ut i verbal konfrontasjon imot presten sin, gjorde at han såg seg nøydd til å søkje hjelp hos statthaldaren, ei hjelp han ikkje fekk.

Den minst stasjonære embetsmannsgruppa var offiserane enda om både Ole Brun og Carsten von Brünech kvar vart buande i Vågå i bortimot 15 år. Meir enn for andre embetsmenn var verksemda deira eit framandelement i bygda. Kommandospråket var tysk, på deira ord måtte sambygdingar ut i krig. Heime i bygda var soldatane under særskild jurisdiksjon, og

¹³⁴ Dyrvik, 12.10.2010.

¹³⁵ SAIH. Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731, tingbok for Gudbrandsdalen, nr. 5 (1714-16), fol. 106a-b.

utrustinga soldathaldet førde med seg, ei belastning for allmugen. Døma på framferda til offiserane i Vågå viser ein valdskultur, og demonstrerer ein ekstrem æreskodeks. I konfliktsituasjonar sat kårda laust. Slik var det også med bonden og bondelensmannen på Tolstad som dessutan hadde vore løytnant.

Studiet av forholdet mellom embetsmenn og allmuge i Vågå i tiåra kring 1700 har for ein stor del vore styrt av embetstida til sorenskrivaren Henrik Schmidt, som dessutan var både viselagmann, assessor i overhoffretten og mottakar av kongens del av tienda på Toten. Vi har ikkje gått inn på årsakene til at han hadde desse tilleggsomboda. Særleg domarfunksjonen i overhoffretten ville ha vore i strid med ei moderne oppfatning om habilitet. Omboda og forretningsverksemda sette Henrik Schmidt i ei særstilling samanlikna med andre sorenskrivarar i Gudbrandsdalen i samtida. Vi kan nemne fleire. Den samtidige Thomas Randulf vart svaksynt og måtte ha hjelp for å greie arbeidet sitt. Carsten Hauritz, sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdalen i vel 15 år fram til 1761 hadde eit problem med alkohol og var forfølgd av gjeld.¹³⁶ Slik er det ikkje å undrast over at den såkalla Sundeskrivaren som ein av få embetsmenn, vart hugsa i bygdetradisjonen.

Vi let folket på Kleppe og Tolstad representere eliten blant bøndene i Vågå. Einast i skriftlege formuleringar verka dei underdanige i forhold til embetsmenn og statleg øvrigheit. Både Hans Tolstad og sonen Pål var i stand til å gjera påverknad gjeldande oppover i systemet – Hans i forhold til ein fut i spørsmålet om seter i annekset, sonen Pål i forhold til ein amtmann i den same saka. Da vart det verre for Ivar Kleppe, som også hadde vore lensmann, å forlike seg med den lokalkjende sorenskrivaren i spørsmålet om fiskevatnet Flatningen der allmugerettane stod på spel. Og dette er ikkje det einaste dømet på at embetsmenn kunne stille seg på allmugen si side. I saka om Tolstadsetra er futen Cort Coldevin eit slikt døme. I saka mot tiendforpaktaren Herman Treschow, der trykket og mobiliseringsviljen truleg hadde vore store, såg vi at ikkje berre sorenskrivarane hjelpte til, men at også fut og amtmann møtte opp på tinga i Gudbrandsdalen og ba om fornya tillit.

Kanskje det mest tydelege dømet på to åtskilde kulturar der den eine parten ikkje kjende seg meir mindreverdig enn den andre, er konflikten mellom Anne Glostrup og Ole Slette om verjemålet for den mindreårige sonen hennar. Den fattige presteenkja allierer seg med prosten og meiner ho kan skremme den velstående bonden i annekset til å ta på seg det økonomiske ansvaret for arven til sonen. Den uvillige bonden følgjer etter prosten nedover heile Gudbrandsdalen, og gjev seg ikkje før både futen og statthaldaren har teke den urimelege børa frå skuldrane hans. Allmugen kjende rettane sine, og var i stand til å målbera dei.

¹³⁶ OANV. Arkivet etter Randi Kleiven Bjørkvik, ask II, kopiar av brev frå vågåpresten Johan Storm 1755-62 til Hans Krejldal, overinspektør ved tukthuset i Christiania.

Epilog: Håkenstadstolen i Vågåkyrkja

Etter at Henrik Jacobsen Schmidt døydde, levde broren Jacob Jacobsen vidare. Sonen til sorenskrivaren var død i 1735, og garden Nordre Sunde vart seld til oppsitjaren.¹³⁷ Da Anders Munch og kona Else Catrine Stockfleth kom attende frå Danmark for å ta over prestekallet i Vågå i 1722, gjekk dei straks til søksmål for å ta att Håkenstad med odel.¹³⁸ Trass i denne konflikten ordna det seg likevel slik at dottera Anna Sophia vart gift med bror til Henrik Schmidt.¹³⁹ Da Jacob Jacobsen var død i 1740, gifta Anna Sophia seg for andre gong med den seinare sorenskrivaren Carsten Hauritz.¹⁴⁰ Mora Else Catrine budde på Håkenstad til ho døydde i 1757.

Galleriet oppe på den eine langveggen i Vågåkyrkja hadde Anne Glostrup fått bygt seg straks ho som presteenkje flytte til Håkenstad. Da sonen Eggert kom heim frå Danmark og var målar, dekorerte han gallerifronten med bilde som inneheldt symbol for kristne dygder. Det var denne stolen Henrik Schmidt hadde teke over straks han vart eigar av Håkenstad og presteenkja levde der på nåde. Sidan vart kyrkjestolen nytta av embetsfolket så lenge som dei budde på Håkenstad. I 1643 vart garden seld til Tosten Kleppe, ein av sønene til Ivar Kleppe.¹⁴¹ Og han tok i bruk kyrkjestolen. At ein bonde skulle ha sin eigen inngang i kyrkja, og sitja i eit dekorert galleri jamnhøgt med presten når han stod i preikestolen, verka nok provoserande på embetsfolket. Men i ei sak i den andre delen av 1760-talet etter at lensmannen hadde prøvd å stengje han ute, sigra Tosten Hågenstad på tinget.¹⁴² Det var som oppsitjar på Håkenstad Anne Glostrup fekk kyrkjestolen bygt, og ikkje som ein person med ein eigen embetsfunksjon. Derfor måtte kyrkjestolen følgje garden.

¹³⁷ OANV. A-0032 Hågenstad, boks 1, nr. 2.

¹³⁸ OANV. A-0032 Trygve Håkenstad, gardshistorie, s. 7 og 11.

¹³⁹ OANV. A-0032 Hågenstad, boks 1, nr. 3, 14.05.1740; OANV. A-0032 Trygve Håkenstad, gardshistorie, s. 12..

¹⁴⁰ Kyrkjebok for Vågå 12.03.1743, sjå

http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_kildeid=9247&uid=ny&idx_side=-119: 06.04.2011.

¹⁴¹ OANV. A-0032 Håkenstad, boks 1, nr. 8, avskrift frå tingbok nr. 39 (1748-52), takstforretning på Håkenstad, synfaring av hus og grunn.

¹⁴² SAIH. Nord-Gudbrandsdal sorenskrivarembete 1732-, tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 10 (1767-78), fol. 118b

Kjelder

Digitalarkivet

- Vågå prestegjeld, ministerialbok 1739-1810.
- DRA. Høgsterett

OAM. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen

- Gudbrandsdalens kulturhistorie

OANV. Opplandsarkivet, avdeling Vågå

- A-0032, Ola Håkenstad
- A-319, Bygdebok for Vågå og Sel
- Randi Kleiven Bjørkvik

RA. Riksarkivet

- KA. Kjeldeskriftarkivet
- Kat. 1121/81. Danske kanselli. Norske innlegg: Gudbrandsdalen 1660-1785
- Akershus lensrekneskap.
- Matriklane for Nord-Gudbrandsdal 1668 og 1723
- Norske kongebrev
- Overhoffretten
 - Domsprotokoll nr. 39 og 40.
 - 0145 voteringsprotokoll 1710
- Statthaldararkivet
 - B II 5, Aut. supp. og res.-protokoll 05.01.1692-10.10.1699
 - B II 6, Aut. supp. og res.-protokoll 30.12.1699-22.08.1701 og 22.08.1704-09.01.1706
 - B III a 3, Ikkje aut. supp. og res.-protokoll 04.09.1686-02.04.1687
 - B III a 4, Ikkje aut. supp. og res.-protokoll 15.03-04.10.1687
 - B III a 5, Ikkje aut. supp. og res.-protokoll 03.10.1687-09.10.1688
 - B III a 9, Ikkje-autorisert supp. og res.-protokoll 09.11.1691-19.09.1692
 - B III a 10, Ikkje aut. supp. og res.-protokoll, 04.10.1692-06.10.1693
 - B III b, pk. 4, Avskrift av vedlegg til originale supplikker, nummererte i samsvar med supplikkbøkene
 - B IV 1, Supp. og res.-protokoll, 11.06.1704-15.07.1710, Slottsloven
 - D XI, pk. 15, Ymse lause dokument

SAIH Statsarkivet i Hamar

- Geistlege arkiv, Oppland 1, Vågå sokneprestembete, enkeltsaker, kallsbok 1722-1808.
- Gudbrandsdalens sorenskrivarembete 1662-1731
 - Nord-Gudbrandsdal tingbok (1662-1709), nr. 8, 17, 19, 20, 22, 23, 24, 25, 26, 27, 28
 - Tingbok for Nord-Gudbrandsdalen (1732-), nr. 10 (1767-78)
 - Tingbok for Sør-Gudbrandsdalen, nr. 22 (1699), 25 (1705)
 - Tingbok for Sør- og Nord-Gudbrandsdalen, nr. 1 (1710-11), 5 (1714-16), 11 (1727-29)

- Nord-Gudbrandsdal skifteprotokoll nr. 1 (1658-73); nr. 2 (1673-88); nr. 4 (1719-26)
 - Sorenskrivarembetet i Nord-Gudbrandsdal frå 1732
 - Tingbok nr. 14 (1789-94)
- SAIO. Statsarkivet i Oslo
- Akershus stiftamt, brev frå sorenskrivarane, Gudbrandsdalen
 - Akershus stiftamt, futen i Gudbrandsdalen

Litteratur

- Aukrust, Vegard 2007: *Til sannynnda sættum mer war jnsigle firi þetta bref. Lagrettemenn i Lom på 1400-talet. Hovudoppgåve*. Institutt for historie og klassiske fag. NTNU.
- *Bibelen*
- Block, K. 1955: "Av Glad'ske papirer: Bidrag til en slektsbiografi". *Norsk slekthistorisk tidsskrift*
- Brodahl, Joh. E. 1911: "Henning og Eggert Munch: To norske kirkemalere omkring 1700". *Årsberetning – Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring*
- Chan, Mink 2010: "Trolldom som realitet eller overtro? Trolldomskonfliktene i Hordaland på 1700-tallet". *Heimen*, nr. 1
- *Diplomatarium Norvegicum*
- Ersland, Geir Atle og terje H. Holm 2000: *Norsk forsvarshistorie. Bind 1: Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. Oslo: Eide
- Eyben, August von 1929: *Stamtavle over slægten Stockfleth som agnatisk nedstammer fra Eggert Stockfleth med biografier*. Kjøbenhavn: H. H. Trieles bogtrykkeri
- Fagan, Brian 2000: *The Little Ice Age: How Climate Made History 1300-1850*. New York: Basic Books. A Member of the Perseus Books Group
- Fæhn, Helge 1994: *Gudstjenestelivet i Den norske kirke – fra reformasjonstiden til våre dager*. Andre utgave. Oslo: Universitetsforlaget
- Grüner, Gustaf 1836: *Myntmester Peter Grüner og hans efterkommere ca 1585-1930*. Oslo
- Hansen, Lars Ivar 2010: "Arkaiske bønder eller alternativ sosial logikk? Om telemarksbøndenes forhold til stat, eiendom kirke og helvete i middelalderen". *Gaver, rutualer, konflikter: Et rettsantropologisk perspektiv på nordisk middelalderhistorie*. Hans Jacob Orning, Kim Esmark og Lars Hermanson (red.). Unipub
- Hosar, Hans P. 1995: *Skjåk bygdebok. Band 2: Historia 1537-1800*. Skjåk kommune.
- Imsen, Steinar 1994: *Norsk bondekommunalisme. Del 2: Lydriketiden*. Trondheim: Skriftserie nr. 7. Historisk institutt. NTNU
- Kaldal, Ingar 2002: *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Oslo: Samlaget
- Kjelland, Arnfinn 1992: *Bygdebok for Lesja. Bd. 2*. Lesja kommune
- Kjelland, Arnfinn 1996: *Bygdebok for Lesja. Bd. 3*. Lesja kommune
- Kjelland, Arnfinn 2009: "Norsk lokalhistorie og "nyare" mikrohistorie". *Heimen*. Nr. 3

- Kleiven, Ivar 1973: *Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen: Lom og Skjaak*. Oslo: Aschehoug. Først utgjeve 1915
- Kleiven, Ivar 1977: *I gamle Daagaa*. Vågå historielag. Aschehoug 1908 og 1944
- *Kong Christian fjerdes norske lovbog af 1604*. bokhylla.no
- *Kong Chr.femtes norske lov 15de april 1687*. bokhylla.no
- Krohn-Holm, Jan W. 1978: *Hedrum bygdebok: Bd 2: Garder og slekter i Hedrum sogn*. Hedrum kommune
- ”Lensmannsrekke i Vågå”, *Årbok for Gudbrandsdalen 1979*
- Mosfeldt, U. A. 1844: *Den norske kirkeret: tilligemed den øvrige Geistligheden iser vedkommende Lovgivning*. Christiania
- Mykland, Knut 1992: *Gjennom nødsår og krig 1648-1720. Norges historie. Bd. 7*. Knut Mykland (red.) Oslo: Cappelen. Tredje opplaget
- Nielsen, Yngvar 1868: ”De nordenfjeldske Begivenheder i Aarene 1657-1660”. *Indbydelsesskrift i Anledning av Nissens Latin- og Realskoles 25de Aarsfest 1868*. Kristiania: P. T. Mallings Bogtrykkeri
- Olafsen, Arnet 1940: *Fortegnelse over sorenskrivere i Norge 1591-1814*
- Opsahl, Erik og Sølvi Sogner 2003: *Norsk innvandringshistorie. Bind 1*. Knut Kjelstadli (red.). Oslo: Pax Forlag A/S
- *Ordbog over det danske sprog - dansk i perioden 1700-1850*. Nettutgåva
- Ostermann, H. 1936: ”Nordmenn ordinert på Fyen og Jylland: Utdrag av Vita-protokollene”. *Norsk slektshistorisk tidsskrift. Bind 5*. Oslo
- Ovenstad, Olai 1948: *Militære biografier: Den norske hærs offiserer 1628-1814*. Oslo: Norsk slektshistorisk forening
- Paulsen. Åshild 1989: *Magnus Berg: En kunstner ved kongens hoff*. Dreyer
- Sandmo, Erling 1999: *Voldssamfunnets undergang: Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet*. Oslo: Universitetsforlaget
- Skrede, Anders 1964: *Vågåkyrkja og Vågåkyrkjegarden*. Vågå historielag 1933 og 1964
- Sandvik, Gudmund 1993: ”Lov og liv”. *Tingboka som kilde*. Liv Marthinsen (red.). Oslo: NLI
- Schøning, Gerhard 1980: *Reise gjennom en deel af Norge. Tredje bind: Gudbrandsdalen og Hedemarken*. Tapir
- *SNFSH. Samlinger til det norske Folks Sprog og Historie I-VI. Bd. IV*. Christiania 1847-49
- *Stattholderskabets Extraktprotokol 1662-69, bd. II og IV*
- Supphellen, Steinar 1978: ”Supplikkar som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særleg først på 1700-talet”. *Historisk tidsskrift*
- Teigum, Ivar 2001: *Bygdebok for Vågå og Sel. Band 1*. Kommunane Sel og Vågå
- Teigum, Ivar 2004: *Bygdebok for Vågå og Sel. Band 2*. Kommunane Sel og Vågå
- Teigum, Ivar 2004b: ”Ivar Kleiven (1854-1934) – eit 150-årsminne”. *Heimen*. Nr. 4/2004
- Teigum, Ivar 2009: ”Frå historia om den arge presten Wilhelm Dop”. *Fortid og nåtid i samspill: Statsarkivet i Hamar 1917-2007*. Per-Øyvind Sandberg (red.). Hamar historielag

- Teigum, Ivar 2011. "Tolstadkvernberget – frå kongeleg pant i Amsterdam til bondegods i Vågå". *Heimen*. Nr 1
- Thomle, E. A. 1927: "Tolstadslægten fra Vaage. 1. Familiens oprindelse og ældste slægtsled". *Bygd og bonde: Tidsskrift for historie og folkeminner*. Hamar

Internettadresser

- http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_kildeid=9247&uid=ny&idx_side=-119: 06.04.2011
- http://arkivverket.no/URN:rg_read/36116/6/?size=medium&mode=0: 04.04.2011
- <http://ordnet.dk/ods/ordbog?query=hundsvot> : 04.04.2011
- <http://www.hivolda.no/shp-kultur>: 16.03.2011
- <http://www.nb.no/utlevering/nb/b26bf6b46510815d0389115fa02d92cb#&struct=DIV78>: 04.04.2011
- <http://www.nb.no/utlevering/nb/dadd21ce6c114a7edb7c9475c5aab279#&struct=DIVP401> : 04.04.2011
- <http://www.nb.no/utlevering/nb/b26bf6b46510815d0389115fa02d92cb#&struct=DIV146>: 04.04.2011
- <http://www.nb.no/utlevering/nb/b26bf6b46510815d0389115fa02d92cb#&struct=DIV208>: 04.04.2011
- <http://www.snl.no/Treschow>: 04.04.2011